



Møteinnkalling

Stavanger bispedømmeråd 2020-2023

Møtedato: 12.05.2020 kl. 10:00

Møtested: Virtuelt møterom

Arkivsak: 19/04931

Mulige forfall meldes snarest til Gunnar Rønnestad, gr575@kirken.no.

, 11.05.2020

Liv Heidrun Skaar Heskestad
Leder

Gunnar Rønnestad
Sekretær



DEN NORSKE KIRKE

Stavanger bispedømmeråd 2020-2023

Møteinnkalling

Stavanger bispedømmeråd 2020-2023

Møtedato: 12.05.2020 kl. 10:00

Møtested: Virtuelt møterom

Arkivsak: 19/04931

Eventuelt forfall må meldes snarest.

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

27/20 19/04931-16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste godkjennes

Saker til behandling

28/20	20/01241-2	Drøfting av årsrapport 2019
29/20	20/01286-10	Tilskudd til nye diakonstillinger 2020
30/20	20/01454-2	Svar på høring om kirkefagforvaltningen
31/20	20/02008-1	Kommunikasjonsplan for Stavanger bispedømme, 1. gangs behandling
32/20	20/01985-2	Høringssvar: Gjennomføring av Kirkemøtet og valg av Kirkerådet m.m. i lys av smitteverntiltak mot covid-19
33/20	17/02948-43	Endring av møtedato i juni 2020 for Stavanger bispedømmeråd

Orienteringssaker

34/20 17/02948-42 Stiftsdirektørens rapport mai 2020

Liv Heidrun Skaar Heskestad
Leder



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømmeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Geir Skårland	104	20/01241-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
	Stavanger bispedømmeråd 2020-2023	12.05.2020

Drøfting av årsrapport 2019

Årsrapport 2019 stavanger bispedømme - publisert

Saksorientering

Kvart år leverer biskop og bispedømmeråd årsrapport for året som gjekk til Kyrkjerådet.

Årsrapporten blir utarbeidd i tråd med rammer frå Kyrkjerådet, som mellom anna følgjer av statlege krav til målstyring. Han blir ein del av bakgrunnen for Kyrkjerådet si rapportering til departementet. I seg sjølv er årsrapporten eit viktig styringsdokument for bispedømmerådet. Rapporten beskriv den kyrkjelege situasjonen og peikar på viktige utfordringar.

I denne saka får bispedømmerådet årsrapporten for 2019 til orientering. Det vil også bli orientert om utviklingssamtalen, som leiinga i Kyrkjerådet har med leiinga i bispedømmet på bakgrunn av rapporten.

Rapporten er eit viktig dokument når kommande planar skal utformast. Rådet bør derfor setja seg inn i rapporten og drøfta kva følgjer resultat og utfordringar bør få for verksemda framover.

Moment for samtalen om dette vil så danna grunnlaget for årsplan for 2021. I haust vil bispedømmerådet drøfta satsingsområde for neste år i ei eiga sak, mellom anna på bakgrunn av siste årsrapport og det som kjem fram i samtalen om denne.

Forslag til vedtak

1. Stavanger bispedømmeråd tek årsrapporten for 2019 til orientering.
2. Stavanger bispedømmeråd bed administrasjonen førebu saka om satsingsområde i årsplan for 2021 ut frå samtalen i møtet.

Årsrapport for 2019

Stavanger biskop og bispedømmeråd



DEN NORSKE KYRKJA
Stavanger bispedømme

Innhald			
I		Vurdering frå leiaren	3
II		Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda	5
		Nøkkeltal frå bispedømmet	6
III		Årets aktivitetar og resultat	7
	A	Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk	7
	B	Resultatmål og nøkkelindikatorar	9
	1.	Gudstenesteliv	9
		Deltakarar på gudsteneste	9
		Kyrkjeleg vigsel	13
		Kyrkjeleg gravferd	14
		Samisk gudstenesteliv	15
	2.	Dåp og trusopplæring	16
		Oppslutning om dåp	16
		Oppslutning om trusopplæringstiltak	19
		Oppslutning om konfirmasjon	22
		Trusopplæring for vaksne	25
	3.	Kunst og kultur	27
		Konsertar og kulturarrangement	27
		Opne kyrkjer	30
	4.	Kyrkja i samfunnet	32
		Diakonal betjening	32
		Fellesskap for nye i Noreg	33
		Religionsdialog	34
		Digitalt nærvær	35
		Kyrkja i det offentlege rommet	37
		Kyrkje-skule-barnehage-samarbeid	39
		Inkludering	41
		Diakonale arbeidsfelt	42
		Misjon	45
		Pilegrim	47
		Ungdomsdemokrati	49
	5.	Rekruttering, frivillige og ungdom	50
		Rekruttering til vigsla stillingar	50
		Frivillig teneste	53
		Arbeidsmiljø	55
		Tilbod til unge	56
	6.	Kyrkjedemokrati og organisering	58
	C	Biskopen si verksemd	60
IV		Styring og kontroll i verksemda	62
	A	Helse, miljø og tryggleik	62
	B	Likestilling	63
	C	Vurdering av risikoen for misleghald	64
V		Vurdering av framtidsutsikter	66
VI		Årsrekneskap	68

I. Vurdering frå leiaren

Kyrkjeval, nye sokneråd og ny biskop. 2019 har vore eit år med mange store hendingar i Stavanger bispedømme.

I eit større perspektiv er kanskje ikkje ein gong leiarval eller bispeskifte det største. I 2019 var det 638 000 gudstenestebesøk, solid deltaking på trusopplæringstiltak og 3155 barn som blei døypte i kyrkjene i Rogaland.

Det siste gav ein liten oppgang i dåpsprosent blant dei som høyrer til i kyrkja, i eit år der fødselsmeldingane ikkje kom lenger. Mange kyrkjelydar tok dette som ei utfordring og etablerte nye måtar å gjera dåp synleg på. Resultatet viser nok òg det forskning seier: Å døypa er ei avgjerd foreldre tek med medvit. Likevel ser det ut som at fokus på å invitera til dåp i kyrkjelydane har slått positivt ut.

Andre viktige kyrkjelege hendingar viser òg gode tal. Det er ei lita auke i prosentdelen av døypte som konfirmerer seg i kyrkja. Sjølv om me høyrer om fleire alternative tilbod, var det like mange gravferder i kyrkja som året før. Me ventar på kva prosentdel dette gjev, men registrerer at dei store tradisjonane framleis står sterkt.

Unntaket er vigsel. I 2019 var det 14 prosent færre vigslar i kyrkja enn året før. Me veit ikkje ennå om dette fylgjer ein generell nedgang i talet på vigslar, men blir ikkje overraska om at dette er eit teikn på at fleire vel kommunen eller å reisa til utlandet. Vigsel er eit eksempel på ein tradisjon som blir endra når kulturen blir meir individualisert. Det vitnar òg om at verken ekteskap eller tilknytning til kyrkja er sjølvsagt i aldersgruppa der det er flest bryllaup.

Det var fleire innmeldingar i kyrkja enn på lenge, flest blant kvinner. Det var òg fleire utmeldingar enn året før, men ikkje spesielt mange til å vera i eit valår eller i eit år der Kyrkjerådet sitt val av ny biskop overraska. Befolkninga aukar i fylket, men det er ein svak nedgang i talet på kyrkjemedlemmar, på same nivå som i fjor.

I løpet av 2019 fekk me interessant, ny kunnskap om kyrkjemedlemmane sitt forhold til kyrkja. Medlemsundersøkinga viser at tre av ti kyrkjemedlemmar har eit aktivt og positivt forhold til kyrkja i tru og praksis. I tillegg er nær halvparten positive, men passive, mens den siste delen (24 %) er distanserte og til dels kritiske. Stavanger bispedømme har fleire aktive og positive enn andre bispedømme, men om lag like mange kritiske og distanserte som elles. Dei eldste er mest positive, så dei yngste.

To tredeler av medlemmane seier at dei trur på Gud, frå av og til, til heilt sikkert. Kyrkja har òg mange medlemmar som ikkje høyrer til på grunn av eksplisitt tilslutning til trua, men kyrkjebygga er viktige for dei fleste. Mange støttar kyrkja i kamp for klimaet og for utjamning av økonomiske skilnader, mens det er ulike meininger blant kyrkjemedlemmar om aktiv dødshjelp, flyktningepolitikk og bistand. Her skil dei ulike gruppene i kyrkja seg, med at dei som er mest aktive og positive har haldningar som ligg nærast det kyrkja frontar offentleg.

Kyrkja blir sett som ein viktig samfunns- og kulturaktør, men er kontroversiell i medieplanet. Undersøkinga viser eit klart behov for å styrka kyrkjeleg kommunikasjon.

I 2019 fekk bispedømmet òg moglegheit til å styrka verksemda, gjennom middel til nye diakoni- og prestestillingar. Diakonstillingane blir etablerte i samarbeid med kommunar og lokale kyrkjelydar. Dei blir retta mot ungdom, flyktingar og menneske i krevjande

livssituasjonar. Nye ressursar til presteteneste vil òg bli retta inn mot ungdom. Me ser framleis klart behov for å styrka det kyrkjelege nærverket i denne gruppa, men leiter etter gode tiltak for å skapa endring og vekst.

Nokre positive teikn ser me: Trusopplæringa fornyar kyrkjelydane og gjer det konkret at ei stor breidde høyrer til. U-kirke i Stavanger sentrum er eit spennande prosjekt. Både kyrkjelydane midt i byen her og kyrkjelydane i Ryfylke har spennande, felles konfirmantprosjekt i oppstartsfasen.

Etter kommunevalet i haust har me sett punktvis eksempel på svekka rammer for kyrkjeleg økonomi. Dette har skjedd ut frå politiske prioriteringar og skapar behov for å gjera det synleg kva kyrkja bidrar med i samfunnet. Me blir òg uroa når me nokre stader har sett tankar om at kommunen sin relasjon til trussamfunn ikkje skal vera livssynsopen, men livssynsnøytral eller eventuelt livssynsfri. Desse tendensane synest me er urovekkande. Kyrkja forvaltar sentrale bygg og har felles mål med kommunen i å bidra med viktige tiltak for barn og unge, visa omsorg og skapa sentrale møteplassar for lokalsamfunnet. Dette bør ikkje svekkast.

For fyrste gong var det fleire lister ved val av leke medlemmer til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet. Valdeltakinga gjekk klart ned. Mange prostar melder òg at det var meir utfordrande å rekruttera nye medlemmar til sokneråd enn tidlegare. Likevel har dei nye sokneråda har fått ein god start Det same gjeld det nye bispedømmerådet.

I Sola kjem det ny kyrkje. Bygginga er godt i gang. Den gamle kyrkja ligg eit godt stykke frå der folk bur. Til trass for debatt er det sterkt engasjement og stor glede over at det kjem ei kyrkje i sentrum. På Tau kjem det òg ny kyrkje i sentrum, etter den gamle Strand kyrkje som ikkje kan romma alt kyrkjelyden har av verksemd. Heilt på slutten av året opna Ryfast, som gjer at folk nå kan komma ferjefritt frå Stavanger til Ryfylke.

Anne Lise Ådnøy blei vigsla til biskop 17. mars. Utnemninga vekte debatt, men i etterkant har me opplevd at prostar, tilsette og kyrkjelydar samlar seg og støtter opp om biskopen. Etter fleire år med bispeskifte, nominasjonsprosessar og vikarperiodar er det godt å ha ein stabilitet og eit lengre perspektiv i bispetenesta.

Prostane i bispedømmet startar påfallande ofte årsrapportane sine med å fortelja om aktive kyrkjelydar. Me er stolte av det nokre hundre tilsette og langt over ti tusen frivillige klarer skapa saman. Kyrkja i Stavanger bispedømme er både brei, engasjert og aktiv. I det ligg det utfordringar, men mest ei stor glede over å få vera ei kyrkje som betyr mykje der ho er.¹

Stavanger, 6. mars 2020



Liv Heidrun Heskestad
leiar, Stavanger bispedømmeråd



Anne Lise Ådnøy
biskop

¹ Rapporten bygger mellom anna på foreløpige tal frå kyrkjelydane sin årsstatistikk for 2019. Desse blir reviderte innan sommaren 2020.

II. Introduksjon til bispedømmet og hovudtal frå verksemda

Organisering og formål

Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd er ein del av Den norske kyrkja, med Kyrkjemøtet som leiande organ på nasjonalt nivå. Biskop og bispedømmeråd har ansvar for ulike sider ved verksemda til Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme.

Stavanger bispedømme blei oppretta i 1925 og dekker Rogaland fylke.

Biskopen og bispedømmerådet sine oppgåver er fastsette i lover, føresegner og anna regelverk, med heimel i statleg lovverk. Mynde og ansvarsområde fylgjer m.a. av kyrkjelova, økonomi- og verksemdsinstruks og tildelingsbrev frå Kyrkjerådet.

Stavanger biskop har tilsynsmynde for heile den kyrkjelege verksemda, leier prestetenesta og er arbeidsgjevar for prestane. Prostane er arbeidsgjevarar for prestane i det daglege. Dei er med på å setta i verk mål og strategiar i bispedømmet.

Bispedømmerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekka og nærja det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremma samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømmet. Bispedømmerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og spesialprestar. I tillegg er bispedømmerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømmekontoret.

Bispedømmekontoret er organisert i to avdelingar, i avdeling for personal-, økonomi og forvaltning og i avdeling for kyrkjelydsutvikling. Bispedømmerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Kyrkjemøtet sitt visjonsdokument og eigen strategi og årsplan for Stavanger bispedømme ligg til grunn for verksemd og aktivitetar.

I Stavanger bispedømme er det 90 sokn, med tilhøyrande sokneråd. Tre sokn har forsøk med samanslått sokneråd, slik at det i praksis er 88 sokneråd i funksjon. Det er 23 kommunar, med tilhøyrande kyrkjelege fellelråd. Biskop og bispedømmeråd sine oppgåver skal støtta opp under arbeidet i kyrkjelege fellelråd og sokneråd, og arbeidet skjer i samarbeid med desse. Bispedømmet samarbeider med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

Organisasjonen

Stavanger bispedømmeråd består av ni valde medlemmar og biskopen. Anne Lise Ådnøy blei vigsla til biskop i Stavanger bispedømme 17. mars 2019. Biskop og bispedømmeråd har felles administrasjon på bispedømmekontoret i Stavanger. Bispedømmekontoret har adresse Lagårdsveien 44, Stavanger.

Både biskop og bispedømmeråd har delegert mynde til stiftsdirektøren, som er dagleg leiar ved Stavanger bispedømmekontor. Stiftsdirektør er Jorunn Kraft Vistnes. Biskop og bispedømmekontor har 14,7 årsverk, for tida fordelt på 17 personar.

Nøkkeltal frå bispedømmet

PROSTI	MEDLEMMAR	INNBYGGJARAR	PROSENT I KYRKJA	ENDRING I MEDLEMSTAL FRÅ 2018	ENDRINGAR FRÅ 2017
Dalane	17310	24155	72	-116	-243
Domprostiet	39037	134037	61	-410	-1145
Ytre Stavanger	42669			-275	
Haugaland	41881	58057	72	-245	-509
Jæren	50197	68862	73	+36	-29
Karmøy	32213	42161	76	-143	-376
Ryfylke	19374	24988	78	-80	-196
Sandnes	48588	77246	63	-45	-99
Tungenes	32627	46148	71	-1	-3
Stavanger bispedømme	323878	475654	68	-1317 (0,4%)	-2630 (0,8%)

PROSTI	INNMELDINGAR			UTMELDINGAR			PROSTI	INNMELDINGAR			UTMELDINGAR		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019		2018	2017	2018	2019	2017	2018
Dalane	14	17	26	129	46	59	Karmøy	27	15	29	166	106	147
Domprostiet	39	23	56	217	208	337	Ryfylke	18	18	13	111	65	98
Ytre Stavanger	47	27	41	227	160	271	Sandnes	30	36	60	297	189	304
Haugaland	21	18	27	197	157	226	Tungenes	24	21	20	190	120	185
Jæren	34	33	49	423	201	268	Sum	254	208	321	1957	1252	1895

VOLUMTAL FOR BISPEDØMMET	2015	2016	2017	2018	2019
Tal døypte	3 747	3591	3320	3095	3155
Tal konfirmerte	4 011	3931	3749	3727	3759
Tal kyrkjelege vigslar	863	816	773	733	628
Tal kyrkjelege gravferder	2 596	2724	2738	2702	2710
Tal gudstenester totalt	5 561	5642	5497	5395	5506
Tal gudstenestedeltakarar	685 385	697 336	667 375	640 606	638467

NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPEN	2015	2016	2017	2018 ²	2019
Tal årsverk	112	107	108	110	111,79
- av desse i presteneste	98	93	94	95	98,05

² Frå 2018 inngår ikkje pensjonskostnader eller arbeidsgjevaravgift i tala, slik at dei ikkje er samanliknbare med tidlegare år. Tala på årsverk er henta frå årsrekneskapen.

Samla tildeling post 01	95 092 000	100 024 000	111 010 000	102 259 000	99 971 000
Utnyttingsgrad post 01	93,5 %	93,9 %	95,2 %	95,1 %	101,08 %
Driftsutgifter	88 922 578	93 965 358	105 720 279	97 220 526	101 811 000
Lønsdel av driftsutgifter	87,6 %	88,5 %	91 %	90,6 %	87,0 %
Del lønn brukt i prestenesta	76,8 %	77,9 %	79,10 %	79,0 %	77,9 %
Lønn og godtgjøring pr. årsverk	698 838	800 668	887 645	801 082	792 693

III. Årets aktiviteter og resultat

Mål, indikatorar og resultat på Kyrkjerådet sine fokusområde

A. Samla oversikt over resultat, måloppnåing og ressursbruk

Det er alltid spennande å sjå kor resultatata på viktige område hamnar. Her vil me gje oversikt over på kva område me ser tilbakegang, kor resultatata er stabile og kor me ser vekst. Me samanliknar fyrst og fremst med 2018.

Område med nedgang

Me ser nedgang på nokre viktige område. Det er rapportert om færre tilbod til unge i kyrkjelydane. Det totale talet på frivillige går ned, etter fleire år med oppgang. Det er færre gudstenester for barnehagar, færre konsertar og kulturarrangement i regi av andre og færre misjonsavtalar totalt.

Sjølv om det framleis er stort volum på begge tala, er det færre institusjonsandaktar og færre tilbod til eldre.

I 2019 ser me ein sterk nedgang i talet på vigslar i kyrkja. Dette er den mest markante nedgangen i tala for dette året. Valdeltakinga gjekk òg klart ned samanlikna med tidlegare val. Av områda med nedgang, er det truleg utforkdringa med tilbod til ungdom det er viktigast å fokusera på.

Stabilitet

I ei tid der gudstenesta er under press og møter mykje konkurrans, merkar me oss at tala er stabile. Det same verkar til å vera tilfelle for kyrkjelege gravferder.

Det er stabilitet i tilbodet i inkluderingsarbeid for menneske med utviklingshemming, men auka deltaking. Eit stabilt tal på kyrkjelydar har tilbod til nye i Noreg, men mange kyrkjelydar har ikkje tilbod.

Oppslutninga om trusopplæring held seg òg stabil. Viss pila her peikar i ein retning, er det stort sett litt oppover.

Område med vekst

Av dei resultatata me har sett på, er det likevel flest område der me ser vekst.

Konfirmasjonsprosenten går opp. Det er fleire kulturarrangement i regi av kyrkjelydane, fleire opne kyrkjer og fleire som følgjer biskop eller bispedømmeråd på Facebook.

Det er auka oppslutning om skulegudstenester. Som følgje av nye ressursar har fleire kyrkjelydar fått diakonal betjening. Det er fleire sorggrupper og fleire sjelesorgssamtalar.

Bispedømmet har planlagt gudstenester med samiske innslag to stader i bispedømmet, 6. februar. Fleire deltek på pilegrimsarrangement og fem blei vigsla til kantor, diakon eller kateket.

Det beste til slutt: Sjølv om auka ikkje var markant er kanskje det mest gledelege at dåpsprosenten av dei som høyrer til i kyrkja peika oppover.


Ressursbruk

Biskop og bispedømmeråd har både økonomiske og menneskelege ressursar.

Av tildelinga går 87 prosent av midla til lønn. Rundt 90 prosent av dette igjen er lønnsutgifter til prestar. Med unntak av to fengselsprestar og ein studentprest er dette prestar som gjer teneste i sokna.

På bispedømmekontoret er det fem stillingar knytte til avdeling for personal og forvaltning og ni stillingar i avdeling for kyrkjelydsutvikling. I tillegg kjem stiftsdirektør og biskop.

I avdeling for kyrkjelydsutvikling er ressursbruken slik:



Me ser at me manglar ein stillingsressurs som er dedikert til rekrutteringsarbeid. Me har fleire stillingar som på ulikt vis er retta mot ungdom, men lite ressurs som er eksplisitt dedikert til dette. Ved høve tilseier behova at me må sjå på om fleire ressursar bør rettast inn mot dei største utfordringane her og nå.

Elles opplever me balansen mellom ressursar brukt til lønn og ressursar til drift av prosjekt og stillingar som god. Me har hatt tilstrekkeleg økonomi til å gjennomføra fleire kurs og prosjekt innan kyrkjelydsutvikling, noko som kjem kyrkjelydar, tilsette og kvaliteten på verksemda til gode.

Bemannings situasjonen i prestenesta blir kommentert i del IV av årsrapporten.

B. Resultatmål og nøkkelindikatorar

1. Gudstenestelivet blomstrar

1.1. Vekst i talet på deltakarar pr. gudsteneste

Nøkkelindikator: *Gudstenestedeltaking delt på gudstenestefrekvens*

Resultat og utvikling

I 2019 blei det halde over hundre fleire gudstenester i bispedømmet enn i 2018. Til saman var det over 638 000 deltakarar på desse gudstenestene. Totalt sett er det ein nedgang på under ein prosent frå 2018. Det auka tilbodet har altså ikkje gjeve auka deltaking totalt sett, men den samla oppslutninga er i hovudsak stabil.

På sun- og helgedagar blei det registrert 506 105 gudstenestebesøk, fordelt på 4072 gudstenester. Begge deler fortel om ein svak oppgang frå fjoråret. Gjennomsnittleg tal på deltakarar er det same som i 2018: 124.

I seg sjølv er dette gjennomsnittet høgst i landet, men sidan kyrkjelydar er av ulik storleik, må ein sjå på gudstenestebesøk pr. medlem for å kunna samanlikna på nasjonalt nivå. Òg når ein reknar kor mange gongar i løpet av eit år eit gjennomsnittleg medlem er på gudsteneste, er frekvensen høgst i Stavanger bispedømme, med 1,6 besøk på sun- og helgedagar pr. medlem og to gudstenestebesøk pr. medlem i snitt i året. Dette er 33 prosent meir enn gjennomsnittet i Den norske kyrkja totalt sett. Bispedømma på Sør- og Vestlandet har høgst deltaking pr. medlem.

Resultatet viser likevel at jamn gudstenestedeltaking ikkje er eit spesielt utbreitt fenomen i befolkninga. Det er på andre område enn fast gudstenestedeltaking kyrkja viser seg som folkekyrkje. Samanlikna med andre arrangement er likevel gudstenester ei hending med brei og stor oppslutning.

I medlemsundersøkinga seier 32 % av medlemmane i Stavanger bispedømme at dei har vore på gudsteneste på julaftan. 31 % har vore på gudsteneste med dåp, 27 % har vore i konfirmasjon og 27 % på ei gudsteneste utan at nokre av desse var ramma. 12 % har fylgt barn til eit kyrkjeleg arrangement.

Kva ligg bak resultatet?

I medlemsundersøkinga seier òg deltakarane noko om kvifor dei går på gudsteneste. 55 prosent seier dette har med tradisjon å gjera. Bare 23 prosent seier det ligg religiøse behov bak. Kyrkja når altså breiare ut som tradisjonsberar enn som trusfellesskap, sjølv om desse ikkje i prinsippet er motsetnader. At mange fylgjer tradisjonar utan at dei tolkar dette eksplisitt religiøst reflekterer norsk kultur. Samtidig er eit klart fleirtal ueinige i at kyrkja meir er ein arena for kunst og kultur enn ein stad for religion.

Prostane sine årsrapportar gjev noko av det same biletet. Dei kyrkjelege handlingane og trusopplæringa er viktige for gudstenestedeltakinga. I Haugesund meiner dei å sjå fleire

gudstenestedeltakarar i samband med kyrkjelege handlingar, men færre som kjem til gudsteneste som ein vane.

Fleire melder òg om at dei faste kyrkjegjengarane blir eldre, utan at unge blir rekrutterte inn i gudstenestedeltakinga. Framleis er eit tilbod til barn under gudstenestene svært viktig for å få god oppslutning blant barnefamiliar. For eksempel har eit kyrkjelydsplantingsprosjekt i Ganddalen, ein ny bydel i Sandnes, i snitt 130 personar på gudsteneste kvar gong, med førti barn på sundagsskulen.

Fleire av årsrapportane frå prostia startar med å melda om høgt aktivitetsnivå i kyrkjelydane. «Kvardagskyrkja» er blitt eit innarbeidd omgrep. Prosten i Ryfylke ser at kvardagskyrkja ikkje utan vidare gjev utslag i høgare deltaking på sundagane. Ho spør kva som må til og peikar på relevant forkynning, nådeformidling i ord og handling, konkrete invitasjonar, toleranse for teologiske spenningar og fokus på kva unge vaksne ønsker.

I årsrapporten for 2018 viste me at kyrkjelydar med nyare kyrkjebygg og gudstenester med lågkyrkjeleg, familievennleg preg statistisk sett får god oppslutning i Rogaland. Dette er ikkje den einaste vegen til god oppslutning, men likevel eit uttrykk for den kristelege kulturen i deler av bispedømmet.

Samtidig har me òg vist tidlegare at gudstenestedeltaking handlar om mykje meir enn forma på gudstenesta. Ikkje alt er målbart, men me har sett statistisk samanheng mellom korarbeid og gudsteneste, leiartrening for ungdom, bibelgrupper og husfelleskap og ikkje minst om det i det heile finst tilbod til barn under gudstenesta.

Til trass for stor innsats frå tilsette og frivillige og sterke ønske om å gjera gudsteneste til ei folkerørsle, er det ikkje lett å rekruttera nye, faste kyrkjegjengarar. Me ser òg ei aldersutfordring mange stader.

Samtidig merkar me oss òg på nokre punkt i medlemsundersøkinga at det er betre oppslutning om kyrkja blant dei som er under 30 år enn dei som er frå 30 til 50 år. Det kan vera eit teikn på at den yngre generasjonen er meir positiv til kyrkja enn foreldra, men at dette ikkje utan vidare gjev seg utslag i gudstenestedeltaking.

Kyrkjerådet har òg gjort tilgjengeleg eit undersøking frå KIFO, der dei ser på kva som kjenneteiknar kommunar som har hatt vekst i gudstenestedeltaking frå 2014 til 2016. Denne viser at det ikkje utan vidare er lett å auka ei gudstenestedeltaking som allereie ligg over gjennomsnittet. Undersøkinga viser òg at det var flest bygdekyrkjelydar som opplevde vekst. Små einingar kjem gunstig ut i denne undersøkinga. I tillegg viser undersøkinga at utmeldingar svekkar moglegheita for vekst i gudstenestedeltaking.

KIFO-undersøkinga antyder òg at «folkekyrkjekultur», målt som god oppslutning om gudstenester og kyrkjelege handlingar, gjer det vanskelegare å oppnå vekst i talet på gudstenestedeltakarar. Høg prosentvis oppslutning om trusopplæringstiltak og mange frivillige verkar positivt på deltakinga.

Vegen vidare

I 2020 blir innføringa av justert ordning for hovudgudstenester det største gudstenesteprojektet. Me vil arbeida med dette innan dei rammene Kyrkjemøtet har sett.

Fleire stader i bispedømmet kan dette gje utfordringar me nå har strategiske samtalar om korleis me vil møta.

I bispedømmerådet, mellom prostane og i prostia er profil og form på gudstenester eit aktuelt tema. Det er stor grad av forståing for at mykje i gudstenesta kjem av tradisjon og teologi og bør vera likt på tvers av sokn. Samtidig høyrer me også kritikk av deler av justeringa. Nokre fryktar lokal motstand, svekka engasjement og lågare deltaking, ikkje minst blant unge, viss dei ikkje kan halda fram med lokale variasjonar kyrkjelyden har sterkt eigarskap til.

Motstanden reflekterer både historiske og aktuelle forhold i bispedømmet. Mykje av det kyrkjelege livet har røter i organisasjonane og i kyrkjeleg ungdomsarbeid, som har hatt andre møteformer enn tradisjonelle gudstenester. Dei siste tiåra har mange med denne bakgrunnen engasjert seg i kyrkja. I tillegg har nokre kyrkjelydar ønska å retta gudstenester tydelegare inn mot folk med liten kyrkjeleg erfaring, barn eller ungdom, på måtar som til dels går ut over dei tradisjonelle liturgiske rammene. Fleire av desse forsøka har gjeve god oppslutning om gudstenestene.

Tidlegare gudstenesteordningar og biskopar har gjeve rom for større lokal fridom enn den kommande justeringa. Det har gjeve lokale variantar som kombinerer lågkyrkjelege tradisjonar med felleskyrkjeleg tradisjon, innan ramma av ei godkjent, lokal grunnordning som nå skal reviderast ut frå dei nye rammene. Me veit at mange venter med spenning på korleis biskopen vil møte ønske om dispensasjonar.

Utfordringane handlar både om korleis ein tenker om gudstenesteordning i stort og om einskilde punkt. Dei som er kritiske til justeringa ønsker seg større rom for lokal variasjon, meir rom for målgruppetenking, for eksempel tilpassing til barn, unge eller menneske som ikkje kan ventast å finna seg til rette i dei liturgiske tradisjonane som pregar kyrkjemøtevedtaket. Dette kan komma til uttrykk i skepsis til kyrkja sentralt, frykt for å mista oppslutning og kritikk av både detaljeringsgrad og utforming i ordninga for hovudgudstenester.

Nokre av dei konkrete spørsmåla me ventar vil handla om nattverd under bønnevandring, liturgisk musikk utanfor liturgiske hovudseriar, ønske om enklare liturgiske tekstar, obligatorisk hallelujaomkved og temaseriar i forkynninga. For å letta samarbeid med sundagsskule og gje fleire barn tilbod om nattverd, ønsker nokre kyrkjelydar å halda fram med nattverd før preika. Nokre stader har slike val stor symbolverdi, og vedtak som går på tvers av lokale ønske kan ventast å vekka tydeleg motstand.

Biskopen vil leggja til rette for ein god og ryddig prosess rundt innføringa av justert ordning for hovudgudstenesta. Me vil ta medvitne val om kva tid det er viktig å justera liturgisk praksis i tråd med fellesordningane og kva tid det er grunnlag for dispensasjon for å ta vare på lokale tradisjonar og behov. Me vil også utfordra prostar og prestar til å visa godt og samlande leiarskap i denne prosessen.

Me har òg eit prosjekt som fokuserer på korleis store kyrkjelydar kan veksa vidare i oppslutning, kalla 200+. Dei siste to åra har me hatt to samlingar, ein med fokus på vekst for store kyrkjelydar generelt og ei med fokus på godt leiarskap. Dette prosjektet vil bli vidareført i 2020.

Gjennom eit kurs som blei planlagt i 2019 håpar me å auka kvaliteten på gudstenester for både små og store, saman. Det er fleire slike gudstenester enn tidlegare. For å invitere unge inn i gudstenesta treng me fokus på dette. Me ser òg behov for å gjera noko med gudstenester der konfirmantar er involverte, men har ikkje arbeidd systematisk med dette ennå.

Strategien vår peikar òg på innhaldet i gudstenesta. Me ønsker å invitere til heilage handlingar som gjev erfaringar av Guds nærvær, snakka sant om livet og forkynna at Jesus lever. Det skjer kvar sundag dei fleste stader i bispedømmet. Sjølv om mange er innom ein gong i blant har me ennå ikkje knekt koden til kva som skal til for at dei skal komma ofte. Mange tilsette og frivillige gjer ein stor innsats mens me ventar på det.



Christiane Krahnert heldt preika då ho blei vigsla til kateket av biskop Anne Lise Ådnøy 24. november.

1.2. Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Nøkkelindikator: Talet på vigslar.

Resultat og utvikling

Fleire prostar har merka seg nedgang i talet på kyrkjelege vigslar. Samla sett var det 628 vigslar i 2019, mot 733 året før. Det er ein sterk nedgang, på 14 prosent, dobbelt så mykje som nedgangen på landsbasis.

I 2018 var det ikkje store endringar i fordelinga mellom ulike typar vigsel, men det blei fleire borgarlege vigslar, truleg ut frå styrka tilbod om vigsel utført av kommunen. Human-etisk forbund hadde òg færre vigslar i 2019, med ein nedgang på 23 prosent frå 2018.

VIGSELSSTATISTIKK						
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
<i>Den norske kyrkja (i Norge)</i>	8602	8565	8186	8164	7630	7048
<i>Stavanger bispedømme</i>					733	628
<i>Del vigslar i Den norske kyrkja</i>	38 %	38 %	36 %	37 %	36 %	Ikkje tilgjengeleg
<i>Del borgarlege vigslar</i>	33 %	33 %	35 %	35 %	38 %	
<i>Del vigslar i utlandet</i>	22 %	21 %	20 %	19 %	17 %	
<i>Del vigslar i trussamfunn utanfor Den norske kyrkja</i>	7 %	8 %	9 %	9 %	9 %	
<i>Vigslar i alt</i>	22 887	22 738	22 537	22 111	20949	

Kva ligg bak resultatet?

Truleg spelar fleire faktorar inn i denne utviklinga. Det ville ikkje vore uventa om det har blitt færre som giftar seg, slik utviklinga frå 2017 til 2018 viste, og dette vil gje færre vigslar i kyrkja òg. I tillegg høyrer me at mange opplever at dei kommunale seremoniane er fine og fungerer godt.

Utviklinga peiker framleis på kulturelle trekk og kanskje òg økonomiske tilhøve. Fleire ønsker markeringar med særpreg. Tradisjonelt kyrkjebryllaup er eit økonomisk løft, viss ein skal ha stort selskap med mange gjester. Prosten i Ryfylke lurar på om me må etablera og marknadsføra «enkel, kyrkjeleg vigsel».

Resultata står delvis i kontrast til medlemsundersøkinga, der sju av ti medlemmar seier dei ville valt å gifta seg i kyrkja. Oppslutninga er like god blant dei yngste som dei eldste. Kyrkjeleg tilknytning heng saman med positivt svar på dette. I det minste viser dette eit potensial.

Vegen vidare

I årsplanen for 2020 har me to tiltak retta mot vigsel. Me vil sjå på kommunikasjonstiltak og ta opp utfordringar i møte med ønske om individuell tilpassing til kvart brurepar i prostemøtet. Idéen om å gjera moglegheit for enkel, kyrkjeleg vigsel meir kjent er òg verdt å halda på.

1.3. Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd blir halden oppe

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelege gravferder

Resultat og utvikling

KYRKJELEGE GRAVFERDER					
År	2015	2016	2017	2018	2019
Tal på gravferder	2628	2724	2738	2702	2710
Døde i Rogaland	2959	3038	2981	3049	I/T ³
Gravferdsprosent i kyrkja	89 %	90 %	92 %	87 %	

Talet på gravferder er stabilt. Tal på døde i 2019 er ikkje kjent ennå, men ut frå den kyrkjelege statistikken i seg sjølv ser det ikkje ut til å vera større endring. Det har ikkje vore auke i talet på humanistiske gravferder.

Kva ligg bak tala?

Fleire prostar melder likevel om ei auke i talet på gravferder i privat regi eller i regi av gravferdsbyrå, utanfor Den norske kyrkja. Eit av gravferdsbyråa i Stavanger promoterer aktivt kristne gravferder utan Den norske kyrkja sine rammer.

Prostane melder at det særleg er grenser for bruk av innspela musikk som gjer at sørgjande ønsker seg andre rammer enn kva dei tenkjer eller får høyra at kyrkja kan tilby. Til dels stemmer ikkje det dei pårørande får høyra frå nokre byrå med den reelle situasjonen, sidan slike ønske ofte kan passast inn i ei tradisjonell gravferd. Nokre heilt få kyrkjemusikarar vil ikkje sleppa til innspela musikk, men i dei fleste tilfelle finn ein passande ordningar.

Me har nyleg orientert oss i «I avdødes ånd», Ingeborg Sommer sitt arbeid med Olavsstipend. Sjølv om datagrunnlaget ikkje er så stort, stadfester undersøkinga at det er eit sterkt ønske blant mange om gravferder som speglar den dei har mista, samtidig som dei òg ønsker trygge rammer.

Medlemsundersøkinga viser at 82 prosent av medlemmane ønsker seg kyrkjeleg gravferd. Den eldste gruppa har sterkast ønske om dette (94 prosent), med dei yngste etter det (83 prosent). Tilknytning til kyrkja er klart signifikant her òg. I desse tala er det mykje positivt, samtidig som statistikken viser at den aktuelle gravferdsprosenten er høgre enn den delen som ønsker kyrkjeleg gravferd. Det betyr at det er risiko for at delen kyrkjelege gravferder vil søkkja.

Vegen vidare

Domprosten har eit interessant innspel til gravferdspraksisen i Stavanger, der mange gravferder skjer frå to gravkapell. Kanskje ville folk møtt det positivt om fleire gravferder fann

³ Tal på døde i 2019 kjem 11. mars.

stad i soknekyrkjene, som dei elles har eit forhold til. Kanskje ville òg gravferder i soknekyrkjene kunne styrka tilknytninga til desse. Utfordringa er transport til gravplassen, som gjerne gjev ein ekstra kostnad.

Prosten i Ytre Stavanger meiner det kan vera behov for ei alternativ gravferdsordning som opnar for fleire individuelle ønske, men innan ramma av kyrkja si tru og vedkjenning. Han peikar på at tida for å arbeida med dette er nå, så lenge kyrkja framleis har høg oppslutning.

Det finst fleire kontaktpunkt mellom kyrkjene lokalt og gravferdsbyråa. Me har ikkje klart å få dette til på bispedømmenivå ennå. Første steg er å arbeida med kva ordningar og rammer me sjølv ønsker. Mellom anna ser me at det finst moglegheiter i at kyrkja kjem tidlegare inn i prosessen, for eksempel med informasjon om kva moglegheiter som finst og kva som fungerer best når det gjeld salmar og musikk.

Me vil òg vurdera om det bør sendast nye, tydelege signal om korleis innspela musikk kan brukast på ein god måte, der det er sterke ønske om dette. Me trur levande musikk i dei fleste tilfelle kommuniserer mykje betre, og me vil arbeida for at dette skal brukast så ofte som mogleg.

Me hadde fokus på møte med menneske i sorg på eit prestekonvent for nokre år sidan, men me vil vurdera om det er behov for fokus på kyrkjeleg teneste ved gravferd på kommande prestesamlingar òg. Medlemsundersøkinga understreker kor viktig dette er. Halvparten av medlemmane var i ei kyrkjeleg gravferd det siste året.

1.4. Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

Dei fleste prostia melder at dei ikkje har samiske innslag i gudstenestelivet, men etter initiativ frå både biskopen og nokre lokale kyrkjemedlemmar blei det planlagt markeringar 6. februar 2020 i Vår Frelsers kirke i Haugesund og i Domkyrkja i Stavanger.

I samband med dette har me òg fått etablert kontakt med ressurspersonar som kan bidra til at samiske innslag blir meir tydelege. Det er valt inn medlemmar med samisk bakgrunn i minst eit sokneråd.

I årsplanen har me i tillegg sett opp at me vil bruka samiske salmar på einskilte samlingar og laga ein kort video om korleis ein kan lysa velsigninga på samisk.

2. Fleire søkjer dåp og trusopplæring

2.1. Oppslutninga om dåp held seg oppe

Nøkkelindikator: Talet på døypte barn

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Tala for dåp i Stavanger bispedømme er presentert og vurdert frå 2008 fram til 2019. Frå 2008-2018 har det vore ein jamn nedgang i tala på døypte av kyrkjetilhøyrande, på ca. 2 % pr. år. Tala for dåp går noko opp frå 2018-2019. Tala for dåp av alle fødte går opp med 2 %.

DÅP					
	1 år i 2008	1 år i 2013	1 år i 2017	1 år i 2018	1 år i 2019
Døypte i årskullet			3346	3065	3155
Dåpsprosent av kyrkjetilhøyrande	88,4 %	84,5 %	82,1 %	79,9 %	80,5%

Når me ser på tala for dåp i ulike regionar, ser me at dei to byområda Sandnes og Stavanger er prega av stabilitet frå 2015 til 2018, mens Haugesund har hatt ei auke på 2,6 %. Ryfylke, Jæren, Karmøy og Dalane har alle hatt ei lita auke i tala. Det er Sola, Tysvær og Vindafjord som har hatt den største nedgangen i bispedømmet frå 2018 til 2019.

Nedgangen skyldast ikkje at fleire vel namnefest i regi av Human-Etisk Forbund. Dei har hatt jamn nedgang dei siste åra, frå 190 i 2011 til 128 i 2019. Dei som ikkje vel dåp vel altså bort tradisjonelle markeringar i det heile.

Dei stabile tala i byområda Sandnes, Stavanger og Haugesund kan komma av at dei tidleg såg at dei hadde søkkjande tal, og har hatt fokus på dåpsaksjonen. Det er mogleg at dette har prega kyrkjelydane i større grad her enn andre plassar. Me trur dåpsaksjonen har bidrege til stabilitet og oppgang. Det er ei stor glede å sjå at solid arbeid og godt trykk over tid, nå ser ut til å ha positiv effekt. Det håpar me vil føra til fornying av engasjementet for dåp.

Analyse

Ser me på utviklinga for 2019 isolert, er det slik at tala for dåp blant medlemmar går noko opp, til trass for at 2019 var det første heile året utan fødselsmeldingar. Det same gjeld tala for dåp av alle fødte. Samtidig ser me at tala på nasjonalt nivå går ned.

Me er usikre på korleis me skal forstå dette. Ei forklaring kan vera at spørsmålet om val av dåp stikk djupare enn eit brev i posten. Mykje tyder på at unge foreldre i dag er svært reflekterte kring verdival. Det kan òg sjå ut til at tradisjonar der familien er samla står sterkt. Dåpen blir då eit ritual som stadfestar kven ein vil vera som familie. Av dei som vel eit ritual for å markera eit nytt barn, er det bare 4% som vel humanistisk namnefest.

Tala for 2019 seier oss at mange foreldre framleis ønsker dåp som ritual og at dette held seg relativt stabilt her i bispedømmet.

I Ryfylke melder prosten at òg ikkje-døypte gjerne vil delta i trusopplæringa. På Jæren melder prosten at tala kan påverkast av at det finst nye forsamlingar som òg tilbyr dåp.

Medlemsundersøkinga viser at totalt 85% av medlemmane i Stavanger bispedømme ville ha valt dåp dersom dei fekk barn nå. Det same talet på nasjonalt nivå er 78%. Dette kan òg tyda på at dåp framleis har ein sterk posisjon i vårt bispedømme. I dette ligg det eit potensiale for kyrkja i å gjera medlemmar medvitne om å tala varmt om den dåpen dei seier sjølv dei ville ha valt.

Stavanger bispedømmeråd og kyrkjelydane i Stavanger bispedømme har jobba målretta med dåp sidan 2014. Me har sett dåp på agendaen og vore kreative for å finna ulike tiltak me vil satsa på. Det er gjort eit stort arbeid på kommunikasjon og å gjere dåp synleg i kyrkja. Me høyrer om mange som møter denne utfordringa med tiltak, for eksempel gjennom samarbeid med helsestasjonar og meir fokus på dåp på kyrkjelydsarrangement for målgruppa.

I 2019 har me regionalt hatt fokus på dåp på fleire måtar. På den årlege samlinga for prostar og tilsette i avdeling for kyrkjelydsutvikling, var det fokus på VID si forskning på dåpssamtalen, presentert av Hans Austnaberg. På prestekonventet som samlar alle prestane i bispedømmet var det fokus på dåp ved hjelp av eit djupdykk i tal ved Ida Marie Høeg (Universitetet i Agder). Her blei det og presentert eit nytt opplegg for dåpssamtalen, utvikla av Stavanger bispedømme. Dette er eit resultat av arbeidet i den etablerte arbeidsgruppa for dåp som våren 2019 drog på studietur til England for å leggja ein strategi for det vidare arbeidet.

Gjennom prostesamtalar og utviklingssamtalar i trusopplæringa, ser me at ikkje alle kyrkjelydar har stort nok fokus på dåp. Dessverre er det ikkje alle som arbeidar kontinuerleg med å retta fokus på rett plass i dåpsarbeidet. Dette vil me endra på gjennom kontinuerleg trykk. Samtidig er det klart at det er foreldra og deira haldning til kyrkje, tru og tradisjon som er viktigast for valet av dåp. Det viser at det òg er viktig å lyfta blikket og sjå at alt positivt arbeid kyrkja gjer slår positivt ut for dåp.

Gleda over gode tal i 2019 får oss ikkje til å gløyma den store nedgangen dei siste åra. Ennå er mykje ugjort. Sjølv om mange av kyrkjelydane er klare over nedgangen i dåpstal, er det framleis ein del som har hatt svært høge tal i mange år som fyrst nå ser at tala går ned. Sokna i Vindafjord er eit eksempel på det. Med andre ord har me kyrkjelydar i ulike fasar som treng ulike tiltak i sitt arbeid med dåp.



Dåpsdropar frå Madlamark.

Lys Vaken i Rossabø.

Kyrkjeonsdag i Aksdal.

Vegen vidare

2020 blir året der me lanserer eit nytt opplegg for dåpssamtalen. Me ønsker, ved hjelp av det, å sikra at dåpsfamiliane får passande og god informasjon i forkant av dåp, at dei møter ei kyrkje som bryr seg i dåpssamtalen, at det blir ei høgtidsstund når barnet blir borte til dåp og at dei får presentert eit tilbod om trusopplæring fylt av liv. Det nye opplegget blir presentert på ein dåpsfestival 19.august der me blant anna får besøk av ein inspirerande prest frå den anglikanske kyrkja i England.

Den største risikofaktoren i dåpsarbeidet er kva haldningar foreldre har til kyrkja og til dåp. At kyrkja nasjonalt nå satsar så tungt på dåp og kommunikasjon håper me vil bidra til at gode forteljingar om dåp blir meir synlege og inspirerer andre til å døypa.

Me vil òg halda oppe fokuset på dåp i utviklingssamtalar, på visitas og fagsamlingar. Sjølv om det ikkje berre er direkte dåpsrelaterte tiltak som påverkar val om dåp, er det viktig at dåpsarbeidet held høg kvalitet og har fokus. Me oppmodar framleis til å halda samtalen om dåp varm i sokna, mellom anna ved hjelp av "10 dropar om dåp", som er eit samtalereiskap for dåpsarbeid i sokna.

Dåp er alltid høgt oppe på dagsorden for Stavanger bispedømme. Det er stadig tema i prostemøte og andre faglege møtepunkt. Me vil òg vurdera regionale kommunikasjonstiltak knytte til dåp.

2.2. Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Nøkkelindikator: Deltakardel på utvalde, landsomfattande tiltak

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

GJENNOMSNITTELEG OPPSLUTNING I TRUSOPPLÆRINGSTILTAK					
Alder	Tiltak	2016	2017	2018	2019
0 år	Samtale før dåp	101 %	98 %	102 %	97%
4 år	Utdeling av bok	51 %	55 %	52 %	50%
6 år*	Tidsavgrensa tiltak for 6-åringar	35 %	33 %	34 %	34%
8 år	Tårnagenthelg	32 %	42 %	35 %	37%
Ca. 11 år	Lys Vaken	35 %	31 %	30 %	30%
15 år	Konfirmasjon	84 %	86 %	84 %	85%
16 år	Tiltak året etter konfirmasjon	18 %	19 %	20 %	16%

Tala viser at den gjennomsnittlege oppslutninga i trusopplæringstiltak i Stavanger bispedømme har halde seg relativt stabil dei siste åra.

Alle foreldre som har med borna sine til dåp har fått dåpssamtale i samband med dåpen. Denne ordninga er innarbeidd som ein fast praksis, og er ein svært viktig møtestad mellom kyrkje og kyrkjemedlemmane.⁴

Det tidsavgrensa breiddetiltaket for 6-åringar har hatt nokså jamn oppslutning dei siste åra og ligg nå stabilt på 34 %, mens 4-års tiltaket har gått noko ned og held seg akkurat på 50 %. Tiltaket er godt etablert, men har fått mindre merksemd dei siste åra.

Oppslutnad om Tårnagenthelga har hatt ei positiv utvikling og blitt populær i kyrkjelydane. Dette ser ut til å vere eit tiltak som fungerer svært godt mange stader. Det var eit særleg oppsving i 2017, ei nedgang i 2018, men resultatet går i 2019 opp til 37 %. Mange kyrkjelydar rapporterer om stor trivsel blant barna på dette tiltaket.

Lys vaken er eit omfattande tiltak, som krev mykje ressursar. Det har vore ein jamn nedgang i tiltaket sidan 2016, men det har halde seg stabilt på 30 % dei to siste åra.

Breiddetiltak for ungdom året etter konfirmasjon viser ei betydeleg nedgang frå 2018 til 2019. Dette talet gjer oss urolige.

⁴ At desse tala varierer seier eigentleg mest om at rapporteringa er krevjande for sokna. Nokon rapporterer på talet på døypte i staden for talet på barn som har fått dåpssamtale.

Analyse

Når me ser på dei samla tala for oppslutninga om breiddetiltaka, så held dei seg relativt jamne, med unntak av 4-årstiltaket og tiltak året etter konfirmasjon. Kyrkjelydane gjer ein solid jobb med å tilby gode tiltak og utvikla dei vidare.

Samanlikna med situasjonen før reforma er det flott at mellom ein tredel og halvparten av alle døypte er med på tiltaka i dei to fyrste fasane, mens 85 % av dei døypte følgjer konfirmasjonsundervisninga. Me gler oss over at så mange blir med på tilboda som kyrkjelydane i bispedømmet har. Samtidig er det fleire grunnar til at ikkje alle blir med. I småbarnsåra er foreldre nøkkelen til deltaking for barna. For barn og ungdom i skulealder, handlar mykje om kven av de andre som skal delta. Her fortel sokna om kor viktig det er å få til brei deltaking, f. eks. gjennom at foreldre deler informasjon på klassen- eller nabolaget sine Facebook-sider. Strategisk arbeid med relasjonar og kommunikasjon lønnar seg. Dette fortel dei om frå Sørnes kyrkjelyd, der dei hadde 107% oppslutnad om Lys vaken i 2019.

Dei nasjonale konsept, som Kyrkerådet har laga i samband med breiddetiltaka, har vore positive for kyrkjelydane. Slike felleskonsept har ført til at kyrkjelydane kan bruka ressursane på andre delar av verksemda enn tiltaksutvikling. Det at alle sokna har dei same tiltaka har òg vore positivt for felles marknadsføring og gjort det lettare å rekruttera breitt. Når det gjeld 4-årstiltaket, er det lenge sidan det har fått eit nasjonalt løft eller sidan det har blitt utvikla nye ressursar. Kanskje er tida moden for det nå?

På prestekonventet i 2019 var det tydeleg fokus på dåp, trusopplæring og konfirmasjon for å oppmoda til eigarskap i alt dette arbeidet. Tydeleg fokus er det òg i utviklingssamtalar, på visitasar og på medarbeidarsamling for alle kontaktpersonar i trusopplæringa.

Me synest det er bra at tala for trusopplæring er stabile. Samtidig må me arbeida hardt for å halda dei oppe. Me veit at for ein del menneske er trusopplæring ikkje noko dei søker, sjølv om dei er medlemmar i kyrkja. Nettopp derfor må me stadig leita etter nye arbeidsmetodar for å nå fleire.

Vegen vidare

Medlemsundersøkinga seier at 58% meiner det er viktig at unge lærer de kristne forteljningane. Det tyder at det er god oppslutning om ideen bak trusopplæring. Så har me ennå ein veg for å finna gode nøklar til større oppslutnad på tiltaka. Her er eigarskap, relasjon, kvalitet og kommunikasjon viktige element.

Me arbeider strategisk og systematisk inn mot kyrkjelydane for å auka oppslutninga og lyfta kvaliteten på tiltaka. Me har laga eit planløp som kyrkjelydane fylgjer. Dei fyrste sokna som fekk godkjent plan er nå inne i revisjon eller utvikling av planen. Eitt år har me minikurs i planutvikling. Det neste året møter me sokna og vurderer det dei har jobba med i planen det siste året. Dei andre sokna er med på ein kreativ verkstad, der me arbeider med dimensjonane i trusopplæringa og andre delar av planen. I tillegg til dette går me igjennom årsrapportane med kyrkjelydane og utfordrar dei på tal og oppslutnad.

Vidare har me eit kontinuerleg arbeid med kyrkjelydane inn mot visitasar, kurs og samlingar. Me arrangerer forum for trusopplæring kvart år, med fokus på sentrale delar av trusopplæringa. Dette er med på å styrka kvaliteten i arbeidet i sokna. Medarbeidardagen for

kontaktpersonar i 2020 vil ha fokus på samanhengen i undervisninga og korleis barn og unge kan kopla livet sitt på det dei lærer på trusopplæringstiltak i kyrkja. På Forum for trosopplæring i 2019, fortalde Heid Leganger-Krogstad om forskning som syner eit behov for å styrka innhaldsdelen i trusopplæringa.

Kyrkjelydane har nå arbeidd i fleire år med breiddetiltaka. I periodar har me sett at det har vore krevjande å halda trykket og motet oppe. Det har og skjedd mykje i samfunnet på desse åra. Me trur at tida nå er inne for å sjå på breiddetiltaka i eit nytt lys. Det kan vere tid for å undersøka om me skal halda fram som før, eller om me må fornya tiltaka i større eller mindre grad (særleg 4-årstiltaket og tiltak etter konfirmasjon, som har hatt ein nedgang). Med bakgrunn i dette, startar med i 2020 et prosjekt for strategisk fornying av trusopplæringa. Prosjektet vil sjå på innhaldet i trusopplæringa, samanhengen i undervisninga og finne nye vegar for livstolking og livsmeistring, som er ein nøkkel for framtidig trusopplæring. Arbeid med trusopplæring vil òg styrka den generelle kyrkjelydsutviklinga.

Elles er det godt etablerte rutinar og arenaar for oppfølginga av trusopplæringa. Desse fungerer godt og vil bli brukt vidare. Den organisatoriske ramma rundt trosopplæring fører til tett oppfølging på ein måte som hever kvalitet og skapar fokus, slik at arbeidet blir målretta og bidrar til vekst.

Det er framleis behov for å fokusera på korleis tiltaka kan formidla eit innhald deltakarane kan ta med seg inn i livet og kvardagen. Det har me stort fokus på. Me må sikra at bibelforteljingar blir kopla til livet, at det blir skapt relasjonar mellom deltakarar og kyrkja, og at deltakarane opplever omsorg og interesse i praksis. For at trusopplæringa skal ha varig effekt, må bibelforteljingar og opplevingar koplast til liv og kvardag.

Me trur at satsinga på trusopplæringa dei siste åra har auka mange born sin tilknytning til kyrkja. Det kan vera ein av grunnene til at konfirmanttalet framleis held seg relativt stabilt.

2.3. Oppslutninga om konfirmasjon blir halden oppe

Nøkkelindikator: Konfirmerte av døypte 15-åringar

Resultat, utvikling og analyse

Det har vore ein jamn nedgang i konfirmasjonsprosenten av dei døypte i bispedømmet dei siste ti åra. Prosenten har falle frå 92 % i 2010 til 85 % i 2018. Frå 2018 til 2019 ser me for fyrste gang på mange år ein liten auke i oppslutninga om kyrkjeleg konfirmasjon, frå 85 % i 2018 til 86 % i 2019.

Det har òg blitt færre døypte og tilhøyrande som konfirmerer seg sidan 2010. Dei to siste åra har det likevel vore ein liten oppgang i denne gruppa, frå 79% i 2017 til 81% i 2019.

Det er større konkurranse om konfirmantane enn før, både generelt og i tilbod om konfirmasjon. Andre kyrkjesamfunn og kristne forsamlingar har eit meir aktivt konfirmasjonsarbeid enn før. Borgarleg konfirmasjon blir òg aktivt marknadsført og er i vekst. Mange unge kjenner nok på ein kamp om merksemda, og fleire vel å slå fylgje med venene der dei går. Derfor ser me ein del større lokale svingingar.

Sjølv om det berre er ein liten auke, er det gledeleg at talet frå 2018 til 2019 går oppover. Det er overraskande, for viss ein ser på biletet media skapar om konfirmasjon, ser det ut til at kyrkjeleg konfirmasjon er i fritt fall. Det er viktig at media ikkje skapar ei feiloppfatning som blir normerande for dei som skal velja.

Det at mange unge framleis vel kyrkjeleg konfirmasjon kan ha ulike forklaringar. Ei av dei kan vera at kyrkjeleg konfirmasjon som tradisjon framleis står relativt sterkt i bispedømmet. Mange har òg ein sterk relasjon til kyrkja. Stabiliteten i tala kan òg tyda på at konfirmasjonsundervisninga i bispedømmet er av god kvalitet, og kan konkurrera med andre aktørar. Tala er likevel alltid i spel. Tida me lever i utfordrar religion og tradisjon, blant anna kyrkjeleg konfirmasjon.

Den største endringa ser me i konfirmasjonsprosenten av alle i årskullet. Prosenten har gått ned med nesten 11 % frå 2010, og gjekk to prosent ned frå 2018 til 2019. Dette heng antakeleg saman med befolkningsendringar, eller at medlemmar har meldt seg ut. Fleire frikyrkjer og forsamlingar i bispedømmet tilbyr konfirmasjon, og ein del vel dette.

Tala i Stavanger bispedømme ligg omkring fire prosent høgare enn gjennomsnittet for heile landet. I medlemsundersøkinga frå 2019, svarer 27 % av medlemmane i bispedømmet at dei har vore i kyrkja i samband med kyrkjeleg konfirmasjon det siste året. Når det gjeld kor mange av medlemmane som ville konfirmert seg kyrkjeleg om det hadde vore i dag, svarer 71 % ja, og 14 % veit ikkje. Til saman er det 85 %, som er det same som oppslutninga om kyrkjeleg konfirmasjon i bispedømmet i dag.

Konfirmasjon					
	2010	2015	2017	2018	2019
Konfirmasjonsprosent av døypte	92 %	87 %	87 %	85 %	86 % ⁵
Konfirmasjonsprosent av døypte og tilhøyrande	86 %	81 %	79 %	80 %	81 %
Konfirmasjonsprosent av alle	73 %	64 %	63 %	64 %	62 %
Konfirmerte	4421	4005	3749	3727	3759

Samanhengen mellom tiltak og resultat

Prostane melder at gode opplegg for konfirmantundervisninga gjev gode tal, til trass for konkurranse frå andre aktørar. Der det finst eit godt kontinuerleg arbeid og gode frivillige leiarar styrkar dette oppslutninga om konfirmasjon. I Ryfylke er det nær 100 prosent oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon.

Mange legg opp til konfirmasjonsundervisning etter skuletid, for å unngå kollisjonar med ulike fritidsaktivitetar. Ei utfordring med dette kan vera at då er aktuelle frivillige medarbeidarar på jobb eller skule.

Frå bispedømmet si side har me fokusert på innhaldet i konfirmasjonsundervisninga dei siste åra. I 2016/17 hadde me kurs i alle prostia for dei konfirmantansvarlege i kyrkjelydane, og dei to siste åra (2018/2019) har alle kyrkjelydane utarbeida ein lokal plan for konfirmasjonstida. Målet med planarbeidet har vore at kyrkjelydane skal ha ein systematisk plan for konfirmantarbeidet, og at undervisninga skal bli meir aktuell og livsnær for konfirmantane.

Det er utarbeida ein eigen rapport etter gjennomgangen av konfirmantplanane. Rapporten viser at kyrkjelydane har gjort ein god jobb. Planane er jamt over av god kvalitet, og er gode reiskap for arbeidet. Fleire tilsette har meldt tilbake at prosessen har vore utviklande, og at det har vore nyttig å jobbe med mål, aspekt og metode inn mot konfirmantundervisninga.

Me trur at det kontinuerlege trykket me har hatt på konfirmasjon dei siste åra har vore viktige. Det at kyrkjelydane nå har ein systematisk plan for arbeidet og kontakten med konfirmantane, håper me har hatt betydning for kvaliteten av undervisninga. Me håpar dette på sikt vil bidra til at konfirmantane får gode erfaringar, får ein god relasjon til kyrkja og ei kjensle av å høyra til.

Kyrkjelyden i Kopervik har utarbeida ein særleg god konfirmantplan, der heile konfirmanten blir sett i fokus og møtt. Heile planen er gjennomsyra av omsut for konfirmantane, og korleis ein kan møte det på ein best mogleg måte med den kristne trua. Kyrkjelyden har høge

⁵ I planverktøyet for trusopplæringa er talet for 2019 85%, se tabell under punkt 2.2.

konfirmanttal, og når og fram til dei som kjenner seg utanfor eller har behov for tilrettelegging.

Vegen vidare

Tendensane i planmaterialet fortel noko om at kyrkjelydane framleis har mykje fokus på innhaldet i undervisninga (dvs. bibelforteljingane, salmar og katekismestoffet), og vel det som utgangspunkt. Me trur det blir betre om undervisninga går ut frå konfirmantane sine liv og deira kvardag, og at ein koplar innhaldet på i møtet med dei. Då vil undervisninga bli meir aktuell og livsnær. Dette må me jobbe meir med framover.

Vidare har me fått nokre rapportar om krevjande konfirmantkull, med spørsmål om korleis ein kan møte dette på ein konstruktiv måte. På konventet i 2019 var det eit innslag om verdibasert leing av ungdom i grupper. Vidare blir det viktig å halda fokus på ein variert og livsnær pedagogikk, der heile mennesket blir sett og møtt.

Kyrkjelydane i Ryfylke prosti samarbeider om ein stor felles leir i 2020. Prosjektet har eigen prosjektleiar, og planlegginga er godt i gang. Det er fyrste gang kyrkjelydane i prostiet går saman om ein felles leir, og det blir spanande å sjå resultatet av leiren. Leir er ein viktig del av konfirmantarbeidet, og noko mange konfirmantar ofte er nøgde med. Me er derfor glad for at konfirmantplanane viser at nær sagt alle sokna har weekend eller leir som ein del av si konfirmantundervisning.

I Stavanger sentrum ønsker fire sokn å styrka konfirmantarbeidet gjennom samarbeid mellom fleire kyrkjelydar, i eit prosjekt dei har kalla «Konfirmant i sentrum».



Vel blåst for konfirmantane i Ferkingstad sokn.

2.4. Kyrkja har trusopplæring for vaksne

Resultat

I medlemsundersøkinga finn me fleire tal som seier noko om vaksne sin relasjon til tru og kyrkje i bispedømmet. Undersøkinga viser at så godt som alle medlemmar har vore med på noko kopla til kyrkja i løpet av det siste året. Det gjeld ulike aktivitetar, som deltaking på gudstenester, kulturarrangement i kyrkja, eller å fylgje born og unge til tiltak i kyrkja.

8 av 10 medlemmar ville døypt barna sine viss dei fekk eit barn nå, og sju av ti medlemmar ville konfirmert seg kyrkjeleg, nesten sju av ti ville gifta seg i kyrkja, og åtte av ti medlemmar ønsker seg kyrkjeleg gravferd.

I undersøkinga svarer 24 prosent at dei er heilt sikre på at Gud finst, mens 35 prosent svarer at dei ikkje trur på Gud (20 % av dei er opne for at dei tar feil). I mellomgruppa er det mange som trur på Gud (34%), men dei tviler eller trur berre av og til. Over halvparten av medlemmane ber til Gud.

Heile 58 % meiner det er viktig at unge lærer dei kristne fortellingane, 23 % svarer verken eller, og 16 % synest ikkje dette er viktig. Når det handlar om eige ønske om å lære meir om kristendommen, svarer 29% at dei er einige i det, 25 % svarer verken eller.

Vurdering og analyse

Det er alltid ulike måtar å vurdere slike tal på. På den eine sida er det positivt at så mange er positive til kyrkja, og brukar henne i ulike samanhengar. På den andre sida er det mange av medlemmene som er nøytrale eller ikkje trur, og som ikkje har ein relasjon til kyrkja dei høyrer til og er medlem i.

Når det gjeld trusopplæring for vaksne, så er det gledeleg at nesten 30 % svarer at dei ønsker meir kunnskap om kristendommen, mens 25 % er meir nøytrale til det. I dette ligg det eit stort potensiale til å nå mange medlemmar med meir kunnskap om den kristne trua. Det må me ta på alvor. Det at så mange er positive til kyrkja, viser òg at det framleis er mange som har ein relasjon til kyrkja og som vil identifisere seg med henne. Samtidig er det ei bekymring at dei resterande ca. 40 % er nøytrale (27 %) eller negative (9 %) til kyrkja. Det er òg noko me må ta på alvor og vurdera kva me skal gjere noko med.

Nokre kyrkjelydar har Alpha-kurs, bibelgjennomgang eller sundagsskule for vaksne, og får positiv tilbakemelding og god oppslutning om slike tiltak. VID Stavanger har eit spennande tilbod for vaksne. Dei byr inn til samlingar der dei går gjennom ulike tema i Bibelen og den kristne trua, under overskrifta "teologi til folket". Det interessante er at dette tilbodet har eksistert i mange år, men at det dei siste åra har hatt ei eskalerande oppslutnad. Over hundre vaksne kjem nå på samlingane. Dette kan tyde på ei aukande interesse for kunnskap om den kristne trua.

Det store spørsmålet er korleis me skal nå breidt ut med opplæring til medlemmane. Det er viktig med eit variert tilbod innan kultur, blant anna med opne kyrkjer og konsertar, ulike type gudstenester, og diakonale tilbod. Å kommunisera med eit tydeleg budskap om den kristne trua, utan å framstå som autoritære, belærande eller påtrengande, blir viktig for kyrkja framover. Kyrkja må våga å stilla spørsmål og vera relevant og livsnær.

Vegen vidare

Dei to siste åra har me arbeidd med eit hefte om dei ulike ledda i gudstenesta. Målet med prosjektet har vore å gjera gudstenesta meir relevant for vaksne, slik at dei opplever at ho kan bety noko inn i liva deira. Ved å illustrera og beskriva dei ulike ledda i gudstenesta på ein enkel måte, trur me fleire vil forstå kva ho handlar om. Det er òg viktig når me ser at deltakinga på gudstenestene ikkje viser den veksten me ønsker.

Heftet "Gudteneste - steg for steg" blei prøvd ut i fire kyrkjelydar i bispedømmet, og sidan utgitt på IKO-forlaget. Det er og laga ein PowerPoint av heftet, som kan brukast i gudstenesta. Heftet har blitt presentert i fleire samanhengar, og me veit at mange kyrkjelydar rundt omkring i landet bruker både heftet og PowerPointen. Fyrsteopplaget på bokmål blei raskt seld ut. Me vil arbeida vidare med dette.

Vidare starta me med eit nytt konsept for vaksne i 2019. Det handlar om å stadfesta tru og gje kunnskap om dei sentrale elementa i den kristne trua. Dette blir presentert gjennom ulike portalar eller innsteg til tru. Me har inngått eit samarbeid med Bibelselskapet og har fått prosjektstøtte frå Kyrkjerådet. Me håpar at dette kan bli eit opplegg som når breitt ut til vaksne i folkekyrkja. Prosjektet er planlagt ferdig i 2021.

3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kjerneverksemda i kyrkjelivet

3.1 Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Nøkkellindikator: Talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

KONSERTAR OG KULTURARRANGEMENT I REGI AV KYRKJELYDEN					
Arrangement	2015	2016	2017	2018	2019
Konsertar i regi av kyrkjelyden	526	420	490	437	489
Publikumstal	63 122	54 725	61 480	58 788	53 756
Andre kulturarr. i regi av kyrkjelyden	226	191	194	161	208
Publikumstal	20 525	18 914	21 552	13 652	29 128
Arr. totalt	752	611	684	598	697
Publikum totalt	83 647	73 639	83 032	72 440	82 884

KONSERTAR OG KULTURARRANGEMENT I REGI AV ANDRE					
Arrangement	2015	2016	2017	2018	2019
Konsertar i regi av andre	331	304	267	295	346
Publikumstal	62 348	70 750	64 937	71 449	62 715
Andre kulturarr. i regi av andre	50	56	102	48	53
Publikumstal	10 876	7 241	5 739	10 471	8 208
Arrangement totalt	381	360	369	343	399
Publikumstal totalt	73 224	77 991	70 676	81 920	70 923

KONSERTAR OG KULTURARRANGEMENT I KYRKJENE TOTALT					
Arrangement	2015	2016	2017	2018	2019
Kulturelle arrangement totalt	1 133	971	1053	941	1 096
Publikumstal totalt	156 871	151 630	153 708	154 360	153 807

Analyse av resultatet

Det totale talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene er ganske stabilt. Frå 2018 til 2019 ser me ein svak nedgang i talet på publikum på 0,36%, frå 154 360 til 153 807. Det er samtidig ein auke på 16,5% i talet på kulturelle arrangement totalt frå 2018 til 2019.

Det er gledelig å sjå at det er auke i tala for andre kulturarrangement i regi av kyrkjelydane. I 2019 er det vekst i deltakarar på «andre kulturarrangement i regi av kyrkjelyden» frå 13 652 til 29 128, noko som er meir enn ei dobling og godt over gjennomsnittet dei siste åra. Samtidig ser me nedgang i talet på publikum på eigne konsertar.

Det er naturleg at det er musikk og konsertar som er den typen kulturarrangement det er mest av i kyrkjene, ut frå den lange tradisjonen me har for utdanna organistar som kulturarbeidarar i kyrkja. Samtidig har me i lang tid oppmoda kyrkjelydane til å nytta fleire kulturelle former enn musikk. Om resultatet for i år kjem av dette arbeidet, vil framtida visa.

Når me dukkar ned i tala på prosti- og soknenivå, ser me at det er nokre av kyrkjene som rapporterer om større endringar frå eit år til det neste. Årsaka til dette er ofte eit jubileum eller større arrangement, som ikkje kjem igjen kvart år. Rapporteringa på soknenivå er ikkje er heilt konsekvent frå år til år. Dette gjev nokre stadar store utslag i tala. Me må derfor vera varsame med å trekka for klare konklusjonar på dessa felta.

Vegen vidare

I medlemsundersøkinga ser me at kyrkjelege kulturarrangement er populære. Rundt eit av fire medlemmar i bispedømmet har vore på eit kyrkjeleg kulturarrangement det siste året. Dette er oppslutning rett under dåps- og julegudstenester og på linje med konfirmasjon og andre gudstenester.

Det er mykje og godt kulturarbeid i kyrkjene i bispedømmet. Det er både breidde i tilboda og høg kvalitet. Samtidig ser me at det er lågare tal på publikum.

I 2019 hadde me ein fagsamling for kyrkjemusikarane der temaet mellom anna var publikumsutvikling og korleis ein kan arbeida med kommunikasjon og. Ein ting me har vurdert er om kyrkja bør ha eit einsarta billettsystem som gjer at ein kan få kontaktinformasjon til dei som har vore på kulturarrangement? Då kan ein senda ut målretta informasjon om andre arrangement. Dette er meir og meir vanleg i kulturlivet.

Det er viktig å bruka tid og kompetanse på PR og informasjon om dei ulike arrangementa. Det blir meir og meir krevjande å trenga gjennom informasjonsstrømmen. Det me skaper og deler må vera godt. Kulturarrangementa treng støtte frå dei som kan og har ansvar for kommunikasjon og kyrkje på nett.

Kantorar og organistar er sentrale kulturarbeidarar i kyrkjelydane. Me vil òg i kommande år arbeida for å lyfta fram kyrkjemusikarane og deira kompetanse, gjennom å arrangera fagdagar, delta i Norsk Orgelfestival og leggja til rette for vidareutdanning.

Kor

Korverksemd er ein viktig del av kyrkja sitt liv og arbeid. Det å ha kor i kyrkjene er ei styrke for gudstenestelivet. Det er ein viktig ressurs med tanke på å halda songen i kyrkjene levande og for å skapa tilknytning til kyrkja.

KOR	2015	2016	2017	2018	2019
Barnekor	136	130	125	116	112
Medl. barnekor	3 154	2 924	2 706	2 525	2 356
Vaksenkor	62	68	72	66	67
Medl. vaksenkor	1 464	1 567	1 646	1 578	1558

Det er ein svak nedgang i talet på barnekor for 2019. Nedgangen mindre enn for året før, men det har vore ein jamn nedgang dei siste åra. Den største nedgangen i talet på barnekor ser me i Karmøy prosti kor det er 5 færre barnekor og 154 færre medlemmer enn året før. Går me ned på prosti- og soknenivå elles i bispedømmet, ser me at det er mykje å gle seg over. Fleire sokn rapporterer om både to og tre barnekor, og nye kor er starta.


Tala for vaksenkor er meir stabile.

I bispedømmet er det 31 sokn som ikkje har barnekor. Mange av desse sokna er små og har få ressursar, så det er ikkje å venta at det skal finnast barnekor her. Andre stader er det eit rikt arbeid med barnekor gjennom bedehus og organisasjonar, som ein ikkje vil konkurrera med. Her er det ofte godt samarbeid med kyrkja, og kora deltek på gudtenester og i anna arbeid i kyrkja, sjølv om dei ikkje er ein del av vår statistikk.

Samtidig er det nokre sokn der det vil vera naturleg å etterlysa satsing på barnekor. Er det mangel på ressursar eller mangel på vilje og støtte?

Når det gjeld korarbeid, må me vera med på å bidra til medviten satsing. Det finst eit stort og flott arbeid med babysong og småbarnsong i mange kyrkjelydar. Det gjev svært godt grunnlag for å få barna med vidare inn i knøttekor og barnekor. Me vil hjelpa sokna med å leia barna frå småbarnssong vidare til barnekor.

Det er viktig å satse på kvalitet i korarbeidet. For å lukkast treng ein dyktige og engasjerte dirigentar. Me er opptekne av å bidra med kompetanseheving og inspirasjon for korleiarar gjennom fagsamlingar og kurs. Me har eit godt og tett samarbeid med Ung kirkesang og Kirkesangforbundet, for å styrka dette arbeidet. Me plar òg støtta kor- og kulturprosjekt i regi av ulike organisasjonar og aktørar gjennom tildeling av prosjektmiddel.



Dansar Elisabeth S. Nordstrøm i Kulturkirken Skåre.

3.2 Fleire opne kyrkjer

Nøkkelindikator: Talet på opne kyrkjer

Kyrkja har dei siste åra fått større medvit om kor viktig kyrkjebygget og kyrkjerommet er for mange. Dette er ein viktig ressurs for oss som folkekyrkje. Er kyrkjene opne og tilgjengelege for pilegrimar som ønsker eit stopp i ei kyrkje eller for dei som bur på staden og vil tenna eit lys eller sitta i stille?

Stavanger bispedømme har 90 sokn og 120 kyrkjer. 43 sokn eller 53 opne kyrkjer er eit lågt tal. Statistikken viser likevel ein auke i tala på opne kyrkjer og opne veg- og pilegrimskyrkjer. Det er ein auke i talet på dagar med opne kyrkjer, men samtidig ein nedgang i talet på opne dagar i veg- og pilegrimskyrkjer.

Domkyrkja, Vår Frelzers kirke i Haugesund og Egersund kirke er naturlege turistmål. Alle desse stadene er kyrkjene opne for besøk om sommaren. Det er òg mogleg å besøka Årdal gamle kyrkje, kapellet i Ogn kyrkje eller kapellet på Varhaug gamle kyrkjegard. Elles finst det einskildkyrkjelydar som t.d. har opna kyrkja i fastetida (Tananger) eller som opnar kyrkja to timar i veka, basert på frivillig innsats (Randaberg). Prostia rapporterer elles om varierende medvit om potensialet i opne kyrkjer.

Hausten 2019 sende Kyrkjerådet ut ein oppmoding til alle sokn om å opne kyrkjene helga før Helgemesse, særleg dei kyrkjene som har gravplass. På tross av at dette ble gjort i kort tid før hendinga, var det 10 sokn i Stavanger som rapporterte om open kyrkje denne helga. I tillegg kjem fleire kyrkjer som me kjenner til, utan at dette blei registrert.

Å opne kyrkjene og gjere dei tilgjengeleg for folk flest var eit av måla med prosjektet og boka «Sansen for det hellige.» Gjennom heile 2019 har med fortsatt å ha kurs og foredrag med utgangspunkt i boka.

Opne kyrkjer			
	2017	2018	2019
Opne kyrkjer	34	42	43
Tal på dagar	1265	1387	1558
Veg- og pilegrimskyrkje	5	8	10
Tal på dagar	606	680	570

Vegen vidare:

Me har eit klart mål om å auka talet på opne kyrker i bispedømmet, og arbeida med korleis sokna kan leggja til rette for at kyrkjerommet er tilgjengeleg for folk òg på tidspunkt når det ikkje er aktivitet.

Hausten 2019 hadde med ein konferanse om opne kyrkjer med tema som sikring og forsikring, reiselivet og kyrkja, kvifor dette er viktig, kva me kan tilby og kva som skal til for å kunne opna kyrkjene meir. Dette var ein start for å sette fokus på denne utfordringa. Me vil arbeida vidare i møter med råd og utval og på samlingar med tilsette. Me vil retta søkelys på behovet for opne og tilgjengelege kyrkerom og korleis ein kan leggja til rette for dette.

Slik situasjonen er nå, er ein nøkkel bemanning av dei opne kyrkjene, av frivillige eller f. eks. skuleungdom som kan vera sommarguidar.

Me vil òg i 2020 oppmoda til opne kyrkjer i samband med Helgemesse.



Ragnhild Halle, kulturrådgjevar Stavanger bispedømme, Eirik Moe, prosjektleiar "Rv 13 som pilgrimsvei", Ragna Sofie Grung Moe, seniorrådgjevar kultur Bjørgvin bispedømme og Ove Morten Berge, tidlegare seniorrådgjevar kyrkjebygg i Kyrkjerådet på konferanse om opne kyrkjer i november.

4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet

4.1. Fleire kyrkjelydar med diakonal betjening

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar med diakonal betjening.

Resultat og utvikling

I Stavanger bispedømme er det 68 kyrkjelydar med diakonal betjening. Det utgjer 76 prosent av kyrkjelydane. Fleire av dei kyrkjelydane som manglar diakonal betjening er små og ligg i distrikta.

I statsbudsjettet for 2019 fekk kyrkja tildelt nye middel til diakoni. Dette skulle styrka kyrkja si evne til å ta samfunnsansvar. Ut frå Kyrkjerådet si fordeling fekk Stavanger bispedømme tilskot til tre nye, delte diakonstillingar. I tråd med rammene frå Kyrkjerådet sikta bispedømmerådet seg inn mot prosjekt retta mot ungdom, flyktningar eller eldre.

Alle fellestråd kunne søkje, og det kom inn elleve søknadar som bispedømmerådet drøfta og prioriterte. Det blei oppretta fire nye stillingar, i ulik storleik:

- Ungdomsdiakon i Strand kyrkjelege fellestråd: Ungdomsdiakoni 13-20 år, mellom anna med eit samtaletilbod på ein vidaregåande skule.
- Diakoniarbeidar i Randaberg kyrkjelege fellestråd, retta mot flyktningar og nye i Noreg.
- Bydiakon i Haugesund kyrkjelege fellestråd, retta mot ungdomsdiakoni og åndeleg og eksistensiell omsorg.
- Prostidiakoniarbeidar i Karmøy kyrkjelege fellestråd, retta mot ungdom, eldre og menneske med utviklingshemming.

I tillegg blei det vedteke tilskot til eit fellestråd som til sist ikkje fekk den venta støtta frå kommunen.

Det er tilsett personar i dei nye stillingane, og dei ulike prosjekta er godt i gang og får gode tilbakemeldingar.

Fleire kyrkjelydar enn dei som fekk tildelt middel hadde gode prosjektsøknadar. Me har i tillegg hatt samtalar med fleire sokn som arbeider konkret for å få på plass nye diakonstillingar, med fokus på frivillige, ungdom, eldre, flyktningar eller kyrkje-helse-samarbeid.

Vegen vidare

Me vurderer ofte den diakonale ressursen i soknet på visitasar. Der det er grunnlag for det, kan dette bli eit samtaletema i møte med kommunen. Blant kommunane merkar me ofte interesse for samarbeid om diakonale prosjekt, særleg når kyrkja òg kan bidra økonomisk til deler av ei stilling. Kommunane er opptekne av at dei treng meir frivillig innsats for å møta utfordringa med fleire eldre.

Me vil følgja opp dei nye stillingane og lysa ut nye middel som kjem frå Kyrkjerådet.

Stavanger kyrkjelege fellesråd ser òg for tida på korleis diakonane i byen kan nå lengre med å arbeida saman. Dei arbeider for ein felles diakoniplan for byen, og bispedømmerådet er med som ein del av desse samtalanane.

4.2. Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar med tilbod innan integreringsarbeid

Resultat og utvikling

Talet på kyrkjelydar som har integreringstilbod har gått ned samanlikna med 2017, men det gjekk opp frå 2018 til 2019. I 2017 melde 39 kyrkjelydar at dei hadde tilbod. I 2018 var det 28, mens i 2019 var det 31.

Etter flyktningekrisa i 2015 etablerte mange kyrkjelydar tiltak for dei som kom til Noreg. Derfor var talet i 2017 spesielt høgt. Etter kvart blei mange sendt tilbake eller reiste frivillig, slik at trykket ikkje blei like høgt. Uansett finst det store grupper menneske med bakgrunn frå andre deler av verda i bispedømmet. Mellom 6 og 19 prosent av befolkninga i dei ulike kommunane i Rogaland er fødte i utlandet, med flest som har komme til byane.

Kyrkjelydane tilbyr mange ulike møtestader: Språkkafear, kvinnegrupper, tolketenester på gudsteneste, norskurs, ALPHA-kurs, leksehjelp, treningstilbod, hobbykveldar for innvandrarvinner, turgrupper og samarbeid med NAV om integreringsprogram og religionsdialog.

Nokre kyrkjelydar, for eksempel Nærbø, har store mottak i soknet og held god kontakt med desse. I Ryfylke starta kyrkjene eit tilbod om leksehjelp, som kommunen nå har teke over. I Egersund er det samarbeid mellom diakonen og flyktningkonsulenten i kommunen.

Fleire av desse aktivitetane skjer i samarbeid med KIA Rogaland (Kristent interkulturelt arbeid). Nokre flyktningar og asylsøkarar har nærma seg kyrkjelyden gjennom desse aktivitetane, sjølv om det store biletet seier at kyrkjelege fellesskap framleis er prega av menneske med norsk bakgrunn. Me gler oss likevel når me relativt ofte høyrer at folk med bakgrunn frå andre kulturar og religionar for eksempel er med på skulegudsteneste.

Vegen vidare

I årsplanen for 2020 har me sett opp at me skal ha ein fagdag med fokus på nye i Noreg og halda fram kontakten med KIA.

4.3. Styrka arbeidet med religionsdialog

Nøkkelindikator: Talet på fora for dialog der kyrkja er med

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Arbeidet med religionsdialog i Stavanger bispedømme skjer fyrst og fremst gjennom Kyrkjeleg Dialogsenter Stavanger. Dialogsenteret blei oppretta i 2012. Bispedømmerådet har to representantar i styret. I 2019 har biskopen vore styreleiar i dialogsenteret.

I 2019 var det stor aktivitet på fleire område. Til saman var det 3600 deltakarar på ulike arrangement: Dialogkveldar, seminar, messer og meditasjonar, i tillegg til dialogmiddag og aktivitetar for ungdom.

Dei fleste tiltaka skjer i samarbeid med andre, særleg med det lokale samarbeidsrådet for Trus- og Livssynssamfunn (STL). Dette er òg ein viktig dialogarena, og Den norske kyrkja har to representantar.

STL er medarrangør på dialogkveldar, samarbeider med kommunen og samlar trus- og livssynssamfunn til felles markeringar ved behov. For eksempel slo kyrkjefolk og politikarar ring rundt ein moské i Stavanger etter skytinga i moskéen i Bærum, og muslimske leiarar stilte opp til gudsteneste i Domkyrkja etter angrepet på kyrkjer på Sri Lanka.

Dialogsenteret har i 2019 samarbeida særleg nært med Domkyrkja og St Petri sokn og St Johannes sokn. I tillegg har det vore verksemd i Haugesund, Eigersund og nokre andre stader i bispedømet. For fjerde gong gjennomførte Dialogsenteret og Domkyrkja eit fredsmåltid under Gladmat-festivalen.

Dei siste åra har det blitt satsa mykje på den bilaterale dialogen mellom kyrkja og muslimane. Ei gruppe har hatt møte fire gongar i året. Dialogprest og imam har saman vore med på fleire samlingar i kyrkjelydar og i regi av andre aktørar, der dei har presentert skilnadar og likskap mellom islam og kristendom. Prest og imam besøker òg flyktningar i mottak og orienterer saman om tru og religion i Noreg. Samarbeidet er nå utvida gjennom tiltaket «Kyrkja møter Moskeen».

Dialogsenteret har òg jamt samarbeid og dialog med nyåndelege miljø, gjennom alternativmesser, seminar og kurs.

Dei faste, opne aktivitetane i Dialogsenteret har festa seg som viktige tilbod for ei veksande gruppe menneske. Utviklinga frå 2012 har vist ein jamn vekst, både i forhold til økonomi, stillingsressurs (frå 50 % til 170 % stilling) og samarbeid med kyrkjelydar, trus- og livssynssamfunn og andre aktørar.

Vegen vidare

Framover vil dialogsenteret satsa på jamn aktivitet i heile bispedømmet. Prosjektet «Unge i Dialog» har i praksis blitt et fast tiltak med mange skulebesøk og ulike tilbod til studentar. Det vil vera ei prioritert satsing òg i åra som kjem.

Me vurderer det som hensiktsmessig at dialogarbeidet skjer gjennom dialogsenteret, men har òg behov for å ha god kontakt mellom dialogsenteret og kyrkjelydar elles. Me vil prioritera arbeidet i STL og ha faste møtepunkt mellom biskop og muslimske leiarar.

4.4. Kyrkja aukar det digitale nærværet

Nøkkelindikator: Talet på kanalar i sosiale medium, talet på følgjarar pr. kanal og talet på postar pr. veke pr. kanal.

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Sosiale medium

På Facebook har følgjarskaren til “Stavanger bispedømme”

(<https://www.facebook.com/stavangerbispedomme/>) gått frå 644 ved starten av året, til 850 ved utgangen. Det blei posta 143 innlegg, det vil seie i snitt 2,7 postar pr. veke.

Videoar når framleis lengst ut: Pressekonferansen frå då biskop Anne Lise blei presentert ligg på topp i rekkevidde med 7200. Barnekoret som song på mottakinga etter vigslinga nådde 5200 og barn som fortel om påska, samt ein “reklame” for trusopplæringsforum nådde begge rundt 2000.

Det var gledeleg å oppretta Facebook-sida “Stavanger biskop Anne Lise Ådnøy” i 2019. (<https://www.facebook.com/biskopannelise/>) Det blei gjort i samanheng med vigslinga i mars. Sida fekk i løpet av ei veke 600 følgjarar. Ved utgangen av 2019 hadde ho 860 følgjarar. Sida hadde 65 postar i 2019, i snitt 1,5 pr. veke.

Biskopen sin fyrste video med presentasjon av seg sjølv hadde ei rekkevidde på 8700. Ein påskevideo nådde 3400 og videoen der ho fortel om dåpen sin nådde 3600. Innlegg der ho viser samfunnsengasjement (1. mai-tekst, appell for ureturnerbare asylsøkjjarar m.a.) når langt, og det gjer òg innlegg der ho fortel om tru på ei enkel og tydeleg måte.

Me ser at sokna i stadig aukande grad nyttar sosiale medium til å fortella om arrangement og verksemd. Mange sokn er gode på å spela på lag med dei ulike plattformane sin eigenart og oppnår god kommunikasjon, mens andre har ein veg å gå. Dette arbeidet krev både ressursar og kompetanse, og nytta av fagdagar og verkstader kan vere stor.

Nettsider

I 2019 var det 65 600 økter på www.kirken.no/stavanger. Det er ei auke på 8000 frå 2018 (57 000). Me hadde 32 600 brukarar mot 31 000 brukarar i 2018 og 149 000 sidevisningar samanlikna med 224 000 sidevisningar i 2018.

Unike sidevisningar:

- Startside Stavanger bispedømme: 27 000
- Aktuelt: 7200
- Om bispedømmet: 3500
- Kontakt oss: 3650
- Bispedømmerådet: 2400
- Biskopen: 2300

Tala syner ei stadig auke i bruken av nettstaden. Fleire har vore innom i 2019 enn i 2018, og dei som har vore innom har hatt nokre fleire økter kvar enn før, mens det samla talet på sider dei har sett på har gått ned med rundt ein tredjedel. Dette kan ha fleire forklaringar, men truleg er bispevalet med open forslagsrunde på kandidatlar og presentasjon av kandidatlar i 2018 ein sentral årsak.

Kva ligg bak resultatet?

Innlegg som er lenka til nettstaden vår får ofte god rekkevidde. Sjølv artikkelen på nettstaden kan bli spreidd lengre enn Facebook-innlegget, sidan folk ofte vil dela frå “kjelda”, ikkje frå Facebook. Framleis når postar som handlar om folk lengst ut. Personal-nytt reiser alltid langt, òg nyhende som viser frivillige og rådsmedlemmar. Medvit om dette og posting av “kjende andlet”, nyhende om nye prestar og anna gjev auke i tala.

Auka i bruken av nettstaden speglar òg eit år med bispevigsling, kyrkjeval og ei framleis medviten satsing på nettsidene.

Facebook fungerer ofte best når avsendar er ein person som snakkar direkte og personleg, og som har noko på hjartet.

Samtidig veit me at det er grenser for kor langt ei “Bispedømme-side” når ut på Facebook.

Dei 143 innlegga i fjor nådde nok kanskje fyrst og fremst dei med spesiell interesse for kyrkja.

Vegen vidare

“Kyrkje på nett” er eit satsingsområde for kyrkja. Å vise kvalitet og openheit i kommunikasjonen kjem medlemmane sin aktivitet på nett godt i møte.

Når me ser på rekkevidda på Facebook-innlegg frå biskopen, samanlikna med rekkevidda på innlegg frå Stavanger bispedømme, er det eit klart potensiale for vekst i følgjarar av biskopen sin Facebook-konto. Innlegg frå biskopen når oftare ut til nye følgjarar, og har òg større rekkevidde, særleg på videoar. Ein medviten strategi for hyppige og engasjerande postar med ein budskap som når vidare ut enn til dei mest engasjerte, vil gjera Facebook til ein ennå betre plattform for kommunikasjon frå biskopen.

Bispedømmerådet sine kommunikasjonsressursar skal ikkje berre forvalta informasjon frå råd, fagavdelingar og biskop, men sørga for kommunikasjon med medlemmene og vera ein ressurs for det lokale kommunikasjonsarbeidet. Vegen vidare handlar mykje om det siste. Å vera kyrkjelydsnær er eit avgjerande suksesskriterium for at kyrkja i Rogaland kan kommunisera ennå betre med medlemmane sine.

Bispedømmerådet behandla ei sak om kommunikasjon hausten 2019, med vedtak om at rådet får framlagt ein kommunikasjonsplan med strategi og prioriteringar innan utgangen av 2020. Hausten 2019 vedtok bispedømmerådet å auka kommunikasjonsressursen på bispedømmekontoret frå 50% til 100% stilling.



Facebook-sida “Stavanger biskop Anne Lise Ådnøy”.

4.5. Kyrkja er synleg på fleire arenaar i det offentlege rommet

Nøkkelindikator: Talet på treff på artiklar om Den norske kyrkja i radio, fjernsyn, print, nettaviser. Talet på frukostseminar/anna.

2019 var eit år der Stavanger bispedømme var godt synleg i det offentlege rommet, spesielt i regionale og nasjonale medium, og både i radio, fjernsyn, print og nettaviser.

Bispevigslinga blei godt dekkja av regionale og lokale medium. Interessa for den nye biskopen var høg. Pressekonferansen frå Domkyrkja var godt besøkt.

Saka der føredraget med sjaman Durek og Prinsesse Märtha Louise blei flytta frå kyrkja til et anna lokale, ga svært høg mediemerksemd rundt avgjerda frå biskopen, òg nasjonalt.

Kyrkjevalet hausten 2019 fekk ikkje tilsvarande plass i regionale og lokal medium, men òg her viste kyrkja igjen i spaltene. Nyhende om kven det var som stilte til bispedømmerådsvalet og ein debatt om valordninga fekk fokus. Valet var ingen "publikumsvinnar" når det gjaldt engasjerande saker.

Det var fyrste gong ein hadde listeval i Stavanger bispedømme, og dette fekk noko merksemd i medium. Me kan spørja om konkurransen med det politiske valet gjorde at kyrkjevalet blei prioritert ned i media, nokre tilbakemeldingar frå redaksjonar kan tyda på det.

I opninga av Ryfast var kyrkja til stades med ei gudsteneste i tunnelen som blei godt dekkja.

Me ser at media er interesserte i kyrkjestoff når det kjem saker som folk flest bryr seg om. Då fungerer ei pressemelding fint, òg det å visa til eigen nettstad.

Dei lokale og regionale media er ofte interesserte i å fortelja om folk, så nyhende om nye prestar får gjerne spalteplass. Kyrkjebygg skapar alltid stort engasjement, og endringar av desse blir fort fanga opp i media.

Når det gjeld nyhende frå kyrkjelydane, har nok mange ei oppleving av å ikkje heilt nå fram til lokal-redaksjonane. Nokre lokalaviser og bygdeblad er gode på å fortelja folk om interessant kyrkjestoff, mens andre treng pressemeldingar for å få auga på kyrkja som ein viktig og synleg aktør i lokalsamfunnet. Å ikkje bare fortelja om arrangement for å få folk til å komma, men òg dela små og store nyhende frå kyrkjelyden gjennom heile året er eit godt grep for å få til samarbeid med media.

Vegen vidare

Bispedømmet har ikkje arrangert frukostseminar i 2019, men denne måten å dela kunnskap og ha samtaler på kan vera ein god veg å prøva i tida framover. Ikkje minst i samanheng med jubileet for by, bispedømme og Domkyrkja i Stavanger i 2025, der nettopp kyrkja si rolle i det offentlege rom - både bakover og framover i historia – kan vere eit naturleg fokus.

I det offentlege kulturelle rommet er kyrkja ofte godt synleg, for eksempel i samarbeid med ulike festivalar og deltaking frå biskopen på kulturelle arrangement.

I det vidare kommunikasjonsarbeidet vil me òg arbeida med å gjere bispedømmerådet meir synleg, både for sokneråda og i media elles.



Biskop Anne Lise Ådnøy i Dagsnytt 18.

4.6. Styrking av samarbeidet mellom kyrkje og skule

Nøkkellindikator: Talet på barnehage- og skulegudstenester

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Skule / barnehagegudstenester	2017	2018	2019
Gudstenester for skuleelevar	261	278	279
Deltakarar på skulegudstenester	68226	70725	72350
Gudstenester for barnehagebarn	113	111	94
Deltakarar av barnehagebarn	12342	11936	11272

Talet på skulegudstenester viser ein klar oppgang dei siste åra. Særleg ser me vekst frå 2017 til 2018, då det var ein auke på 17 skulegudstenester. Frå 2018 til 2019 var det ein liten oppgang med ein skulegudsteneste. Trass i at talet på skulegudstenester bare har auka med ein, har talet på deltakarar auka med heile 1625 elevar.

Det har vore mindre uro rundt skulegudstenestene dei siste åra.

Det er interessant at så mange elevar deltek på skulegudstenestene. Oppgangen betyr at det er fleire elevar som er med på kvar gudstenesta enn tidlegare. Det kan forklarast med at fleire klassar og/eller årstrinn deltek nå enn før og at årskulla er større, men det viser også at det ikkje er fleire som søker om fritak. Det ser ut til at skulegudstenester er populære og har brei støtte.

Tala speglar òg at det har vore tydelegare retningslinjer om skulegudstenester frå nasjonalt hald. Det har vore mykje mindre negativt fokus på skulegudstenester i media dei siste åra, og det ser ut til at fleire skular er positive til gudstenestene enn før.

Når det gjeld talet på gudstenester for barnehagebarn, ser me at det har vore ein markant nedgang frå 2018 til 2019, på heile 17 gudstenester. Det at talet har gått ein god del nedover, kan tyda på at kyrkjelydane har prioritert annleis enn tidlegare. Det kan vera at ein heller satsar på vandringar kopla til høgtidene enn å halda gudstenester for denne gruppa. Rapportar me får frå kyrkjelydane kan tyde på dette.

Ser ein på talet på deltakarar, har det gått ned med 664 barnehagebarn. Det treng ikkje vera alvorleg viss barna får eit tilsvarende tilbod om høgtidsvandringar i kyrkja eller i barnehagen.

I tillegg til gudstenester for skuleelevar har mange av kyrkjelydane samarbeid med skulen i ulike fag, primært i KRLE-faget.

Kva ligg bak resultatet?

Dei fleste sokna i Stavanger bispedømme har godt samarbeid med skulane og barnehagane i soknet. Ny overordna del av planverket og nye læreplanar for kvart fag blir det spennande å fylgja, ikkje minst i kva grad dei vil påverka kyrkja sitt samarbeid med skulen.

Det er særleg på visitasane me har kontakt med skulane og barnehagane. Nokre gongar er det møte med rektor og leiarar, andre gonger er det med faglærarar, alle tilsette eller med elevar. Dette er viktige møtepunkt, som gjev oss eit godt bilete av situasjonen lokalt, motiverer til

samarbeid, og støtter opp om ei god rolleforståing for skule og kyrkje. På visitasane høyrer me klart at skulane ønsker eit samarbeid med kyrkja og at samarbeidet i dag er som truverdige og ryddig.

I 2019 hadde me eit kurs om kyrkje-skule samarbeidet i samarbeid med IKO, med fokus på ny overordna del og dei nye fagplanane. Det er viktig at dei tilsette i kyrkja kjenner til endringane i skulen og at me som kyrkje står fram som truverdige, ryddige og kompetente.

Vegen vidare

Kyrkja når breidt ut i kyrkje-skule samarbeidet, og dette er derfor en viktig arena. I årsplanen for 2020 har me sett opp at me vil leggja til rette for at dette temaet blir teke opp på samlingar i prostia. Så lenge kyrkja er ryddig i si rolleforståing, kan me trygt halda fram med å invitera til skulegudstenester og kyrkje-skule-samarbeid. Me vil framleis arbeida for at dette skal tryggast som tradisjon for skulane.

Tananger kyrkjelyd har ein flott plan for kyrkje-skulesamarbeid, der dei viser kva kyrkjelyden kan tilby av undervisning på kvart trinn. Denne blei presentert på fagdag om kyrkje og skule og delt med dei som deltok. Nokre andre kyrkjelydar har allereie brukt planen til eigne, lokale opplegg.

I 2019 såg me på regelverk og endringar. I tida framover ønsker me å ha meir fokus på innhaldet i gudstenestene og undervisninga. Korleis kan me som kyrkje fornya oss, og tilby gode opplegg som passar inn i dei nye planane? På sikt ser me og at dette kan munna ut i ein ny fagdag eller ulike ressursar til bruk i samarbeidet.

Vidare trur me at det kan vera meir å henta når det gjeld skulegudstenester på ungdomsskuletrinnet.



Barnehage på julevandring i Sauda kyrkje.

4.7. Menneske med særskilte behov blir inkluderte i kyrkjelydsarbeidet

Nøkkelindikator: Talet på tiltak og arrangement for menneske med særskilte behov

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Tilbodet på dette området har vore stabilt frå 2017 til 2019. I årsstatistikken seier 45 sokn at dei har tilbod om tilrettelagte tilbod. 25 av desse seier dei samarbeider med andre sokn om tilbodet. Desse tala er identiske med tala for 2017. Me veit òg at fleire kyrkjelydar inkluderer menneske med utviklingshemming i det ordinære arbeidet.

I 2019 var det òg felles tur til Solgården, i samarbeid med fleire bispedømme og Diakonistiftelsen Rogaland. Me hadde med oss rundt 100 deltakarar frå Rogaland. Leiren var meir enn fullteikna. Her får me kontakt med nye, utvikla leiarfellesskapet i inkluderingsarbeidet og styrka relasjonen til bufellesskap og tenesteytarar. Turen har mange positive ringverknadar og etterverknadar.

I inkluderingsarbeidet elles har me på regionalt nivå tilbod om weekendar og fellestiltak. Dette skapar verdifulle møteplassar. På Downs-syndrom-dagen samarbeider me med lokale lag av Norsk Forbund for Utviklingshemma. I 2019 hadde me ein weekend for unge med utviklingshemming.

På lokalt nivå finst det tilrettelagt konfirmasjonsundervisning og trusopplæring, speiararbeid, kaféar, gudtenester, klubbar og turar. Me held Bli-kjend i kyrkja-kurs og gjev vegleing til tilsette og pårørande. Både diakonar og frivillige leiarar spelar nøkkelroller i det lokale arbeidet. Leiarane blir gjerne lenge i arbeidet. Me ser at inkluderingsarbeidet er viktig for deltakarane. Tiltaka har svært god oppslutning og er i vekst.

Nokre gongar møter me utfordringar med å oppretta kontakt med bufellesskap, viss dei ansvarlege er skeptiske til å samarbeida med livssynsaktørar eller fagpersonar dei ikkje kjenner. Der me har fått etablert kontakt ser me at det gjev styrka relasjonar og tillit til kyrkja.

Vegen vidare

Det krev arbeid å starta og halda oppe nye tilbod til menneske med utviklingshemming. Det er lettare å leggja til rette for vekst i eksisterande tiltak, gjennom oppfølging av leiarar og kontakt med nye einskildpersonar.

I kyrkjelydane konkurrerer dette arbeidet om ressursar med både tilsette og frivillige. Me arbeider for å setja det på dagsorden og visa korleis inkluderingsarbeidet er ein ressurs for heile kyrkjelyden. Det me lærer her har stor overføringsverdi til kyrkjelydsarbeid generelt, ikkje minst i at gode relasjonar og merksemd på den einskilde gjev grunnlag for vekst.

Me planlegg ikkje større endringar i arbeidet i 2020, men vil halda fram med oppfølging av lokale tiltak, oppfølging av leiarar og felles arrangement. Me vurderer ressursituasjonen fram mot ein eventuell ny tur til Solgården i 2021, men ser at dette er eit svært verdifullt tiltak når me får det til.



Lene Sjo Viken, Vidar Flotve Birkeland og Maria Håkonsen på fest på Verdens Downs syndrom-dag.

4.8. Andre diakonale mål og resultat

Diakonien er eit viktig satsingsområde i bispedømmet, òg ut over det som er reflektert i nasjonale mål og indikatorar. Årsstatistikken frå kyrkjelydane inneheld òg statistikk for diakonale tilbod. Noko av dette vil me ta med i årsrapporten.

Tilbod til eldre

Det er over tre tilbod til eldre pr. kyrkjelyd. Det var fleire tilbod for nokre år sidan, men frå 2018 til 2019 har tilbodet gått opp.

Dei eldre er ei viktig målgruppe for kyrkja. Medlemsundersøkinga visar at dei har sterkare kyrkjeleg tilknytning enn dei yngre. Strategisk gjev det god meining å satsa på dei eldre, og vellukka tiltak her kan ha positive ringverknadar for heile kyrkjelyden. Statistikken viser at dette er eit sentralt satsingsområde i diakonien.

Dei eldre har i utgangspunktet meir tid tilgjengeleg enn dei som har omsorg for barn og er i arbeid, sjølv om mange pensjonistar på sitt vis òg opplever seg som travle. Eldre i dag er friskare enn tidlegare, reiser meir, passar barnebarn og går ikkje nødvendigvis på tradisjonelle eldretreff. Kanskje kan dette ligga bak noko av nedgangen i talet på tilbod og frivillige.

Sjelesorg

Me ser òg vekst i talet på sjelesorgssamtalar, sjølv om det bare er samtalar med vigsla medarbeidarar som blir rapporterte. I årsstatistikken blei det registrert 2344 samtalar i 2019, mot 2318 i 2018 og 2280 samtalar i 2017.

Sjelesorgssamtalar er ikkje eit tiltak som er spesielt synleg, men tala viser eit relativt stort volum som stadfester at kyrkja gjev eit viktig tilbod. Prestar og diakonar møter mange sårbare menneske dei kan vera til støtte for i vanskelege periodar i livet.

Sorggrupper

I Stavanger bispedømme finnes det ulike typar støttegrupper ved sorg. Kyrkjelydane driv desse, delvis i samarbeid med andre foreiningar. Det er 96 sorggrupper i bispedømmet, og dette er det høgste talet dei siste tre åra.

Det finst ei nettverksgruppe for sorgstøtte som består av

- Landsforeininga for etterlatne ved sjølv mord (LEVE),
- Landsforeininga - uventa barnedød (LUB),
- Pårørandesenteret i Stavanger
- «Vi som har et barn for lite»
- Prestetenesta ved Stavanger Universitetssjukehus,
- «Se meg-senteret» for barn som er pårørande
- Kreftomsorg Rogaland
- Sorggruppene i regi av diakonane i Stavanger bispedømme.

Samarbeidet gjer at dei ulike organisasjonane held god kontakt og kan styrka kvarandre sine tilbod.

Institusjonsandaktar

Talet på institusjonsandaktar går ned, frå 2558 i 2017 til 2197 i 2019. Me ser likevel at dette er eit omfattande tilbod som prestar, diakonar og kyrkjemusikarar brukar mykje tid på.

Me trur endringane delvis kan ha samanheng med at prestane har redusert innsatsen på dette området noko etter innføringa av arbeidstidsordninga. Dette er òg eit område der kyrkjelydane gjerne kan engasjera frivillige andaktshaldarar og musikarar.

Diakoniplanar

Frå 2019 har ikkje diakoniplan vore ein nøkkelindikator. Me vil framleis nytta planar som eit verktøy til å arbeida systematisk og målretta med diakoni, men gjerne innan ramma av felles strategiar og planar for kyrkjelydsarbeidet. Me vil sjå revidert plan for diakoni og heilskapleg plan for kyrkjelyden saman.

Dei fleste kyrkjelydane som ikkje har plan er små kyrkjelydar med få tilsette. Til desse kyrkjelydane er det utvikla ein enkel mal for utforming av lokal diakoniplan som dei kan bruka.

Grøne kyrkjelydar

Me spør etter grønne kyrkjelydar på visitasar. Me høyrer at nokre kyrkjelydar har utfordringar med at dette ikkje let seg gjennomføra med dei avtalane dei har med kommunen. Andre saknar nokon som har engasjement nok til å arbeida systematisk i denne ramma.

I 2019 har me fått det fyrste grønne ungdomsarbeidet, GreenHouse i Bogafjell. Med hjelp frå Kyrkjerådet har dei blitt sertifiserte som grøn ungdomskyrkjelyd. Dei har fokusert på lokale miljøtiltak: Kjøkkenhage, kompostering, resirkulering, klesbyttemarknad, reduksjon i papirbruk, matlaging frå botn og miljøvennlege reiser.

Ungdomstinget 2019 laga òg ein resolusjon om kyrkjeleg forvaltaransvar. I strategien har bispedømmerådet sagt at me vil sjå etter kva som kan skapa endring i møte med klimautfordringane. Me merkar oss at dette er noko mange unge har eit engasjement for.

Samarbeid mellom kyrkja og helsevesenet

«Samhandlingsforum for kyrkje og helse» i bispedømmet blei nedlagt i mars 2019. I staden er det oppretta ei arbeidsgruppe som vil halda fokus på dette arbeidet ved å arrangera ein nettverkssamling for kyrkjeleg tilsette i april kvart år.

Me ser at helse-kyrkjesamarbeidet skaper gode relasjonar mellom kyrkje og kommune og møter reelle og viktige diakonale behov. Samlinga i 2019 fokuserte på åndeleg og eksistensiell støtte, samarbeid med kommunen sine palliative tenester og «sånn er livet-grupper» som tilbod på sjukeheimar og dagsenter.

4.9. Fleire kyrkjelydar er engasjerte for misjon

Nøkkelindikator: Talet på kyrkjelydar med misjonsavtale

Resultat og utvikling

Talet på misjonsavtalar har totalt sett gått ned i 2019. Ved utgangen av året var det registrert 119 misjonsavtalar blant dei 90 sokna i Stavanger bispedømme, ein reduksjon på 12 avtalar frå 2018. Samtidig ser me at det i 2019 bare var fire kyrkjelydar som ikkje hadde misjonsavtale, i motsetning til 12 i 2018. Til tross for ei reduksjon i det totale talet på avtalar, har talet på avtalar innan ramma av «Samarbeid Menighet og Misjon» (SMM) vore stabilt, med 105 i talet, det same som året før.

Den totale inntekta i SMM-avtalane var i 2019 på fire millionar, ei auke på 400 000 kroner frå 2018. Dette gjev ei gjennomsnittsinntekt på 38 000 pr. avtale. I 2018 var til samanlikning snittinntekta per avtale på landsbasis 16 000. Fleire kyrkjelydar har etablert gode praksisar knytte til misjonsavtalane.

Kva ligg bak resultatet?

Reduksjon i det totale talet av misjonsavtalar skyldast nok fleire faktorar. For eksempel har fleire avtalar utanfor SMM vore knytte til enkeltpersonar. Det kan skapa stort engasjement, samtidig som det er sårbart i forhold til oppfølging og stabilitet. Avtalar utanfor SMM-strukturane er generelt sett mindre stabile.

Bispedømet har fleire kyrkjelydar som gjev store summar til misjonsorganisasjonane gjennom sine avtalar i SMM. For eksempel var det totalt 14 kyrkjelydar som gav mellom 50 000 og 100 000 kroner, og 11 som gav mellom 100 000 – 350 000 kroner gjennom sine avtalar. Sentrale årsaker til slike resultat er tydelege avtalar, god oppfylging av avtalar frå organisasjonane si side og engasjerte personar i kyrkjelyden.

Bispedømmet har ein lang tradisjon for misjonsengasjement. Mange tidlegare misjonærar bur i området, og engasjerer seg i kyrkja sitt misjonsarbeid. For eksempel har NMS etablert ei ressursgruppe med av tre tidlegare misjonærar som fylgjer opp avtalar i bispedømmet.

Biskopen ser alltid på misjonsengasjementet på visitasar. Me er medvitne om å bruka møtepunkt med stabar og sokneråd til å lyfta fram kyrkjelydane sitt misjonale oppdrag.

Dei siste åra har det vore store endringar i fleire av SMM-organisasjonane. Dette har òg innverknad på talet på avtalar og det reelle utbyttet av dei. Der organisasjonane i SMM fokuserer på oppfølging av avtalar får det positive utslag. Samtidig melder fleire organisasjonar at dei ofte ikkje har ressursar til å fylgja opp sine lokale avtalar.

Vegen vidare

Hausten 2019 blei det gjennomført ei stor evaluering av SMM-samarbeidet, leia av VID vitenskaplege høgskule. I evalueringa var Stavanger bispedømme eit av tre område i landet det var særleg fokus på. I samtale med SMM-utvalet regionalt kom det tydeleg fram at organisasjonane regionalt ser dette møtepunktet og ønsker å halda fram med det.

Konklusjonen i rapporten inneheld 12 punkter til oppfylging. Korleis dette landar vil ha innverknad på misjonsavtalar og kyrkjelydane sitt engasjement for misjon. Me vil delta i desse prosessane.

Bispedømmerådet har tildelt prosjektmiddel til tre kyrkjelydar som vil arrangera misjonsturar for ungdom i 2020. Desse turane er knytte til ein misjonsavtale og eit undervisingsopplegg for tida før avreise, under sjølve reisa og i etterkant av reisa.

For å styrka det lokale fokuset på misjon, står òg besøk i stabar og sokneråd på programmet det kommande året.

4.10. Fleire tek del i pilegrimsarbeidet

Nøkkelindikator: Tal på arrangement og deltaking.

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Pilegrimsarbeid				
Arrangement	2016	2017	2018	2019
Lokale pilegrimsvandringar	14	19	17	24
Deltakarar	514	446	368	714
Pilegrimsgudstenester	6	5	4	1
Deltakarar	510	319	289	180
Andre pilegrimsarrangement	3	4	5	12
Deltakarar	70	240	220	278
Pilegrimsarrangement totalt	23	29	26	37
Deltakare på pilegrimsarrangement, totalt	1094	1005	877	1172
Tal på prosti med pilegrimsarrangement	8	8	8	7

Kva ligg bak resultatet?

I 2019 ser me at tala på pilegrimsarrangement og deltakarar har auka i forhold til 2018. Det er størst aktivitet der det er pilegrimsutval eller komitear som har ansvar for å halda aktiviteten oppe.

Det er pilegrimsaktivitet i åtte av prostia i bispedømmet, og i fem av desse er det grupper av frivillige medarbeidarar som har eit hovudansvar, i samarbeid med tilsette. Nokre av arrangementa er faste tradisjonar som har blitt innarbeidd over tid. Gledeleg dette året var initiativet til ein to-dagars vandring over Karmøy som samla over 70 deltakarar. Det inspirerte til gjentaking, så ny vandring planlagt i 2020.

I august 2019 arrangerte me, saman med Bjørgvin bispedømme, ein vellukka forankringsseilas langs kystpilegrimsleia frå Stavanger til Selja. Me inviterte nøkkelpersonar frå Nasjonalt pilegrimssenter, frå nøkkelstader langs leia, kyrkjestabar, kommunar og fylkeskommunar mm. Målet var å skapa større forståing hjå fleire for kva kystpilegrimsleia kan bety for folk, både dei som reiser og dei som tek i mot og legg til rette på nøkkelstadane. Me ønskte òg å styrka og motivera nøkkelstadane i si rolle som pilegrimsmottak og historieformidlarar.

Nasjonalt pilegrimssenter i Trondheim har no teke over ansvaret for Kystpilegrimsleia. Det er eit ønske å få statlege middel til å oppretta fire regionale kystpilegrimssenter langs leia. Rogaland fylkeskommune og Karmøy kommune gjekk saman om å etablere det fyrste regionale kystpilegrimssenteret på Avaldsnes i oktober. Dagleg leiar blei tilsett i eit prøveprosjekt for eit halvt år i første omgang. Det er behov for statlege middel for å få til permanent drift av senteret.

Vegen vidare

Me held kontakt med og tek vare på det lokale engasjementet, mellom anna gjennom Pilegrimsforum. Me arbeidar for å auka kompetansen og inspirera fleire til å nytte

pilegrimsmotivet i kyrkjelydane. Me har eit godt samarbeid med Bjørgvin bispedømme som me også vil halda på.

Me vil vidare samarbeida med Regionalt kystpilegrimssenter for å leggja til rette for bruk av leia i vårt bispedømme på ein god måte. Kyrkja kan særleg bidra med godt innhald på nøkkelstadane, men òg gje innspel med omsyn til merking av leia og lokal bruk.

Det har blitt utarbeidd ei moglegheitstudie og presentert eit spanande resultat som syner korleis ein kan gjera kyrkjene som ligg langs vegen opne og tilgjengelege for dei som reiser Riksveg 13. Dette passar godt saman med prosjektet som handlar om *opne kyrkjer*, og har stor overføringsverdi til andre stader.



Gunn-Marit Lygre, Ragnhild Halle, Geir Sigbjørn Toskedal og Helge S. Gaard presenterte arbeidet med Kystpilegrimsleia på stormøte om Avaldsnes i januar.

4.11. Ungdomsdemokratiet i 2019

Ungdomstinget 2019 hadde 40 påmelde deltakarar. Det var delegatar og observatørar frå 15 ulike sokn. I tillegg var 4 utdanningsinstitusjonar (VID, MF, TF og NLA) og to organisasjonar til stades.

To sakar blei behandla i komitear og plenum: «Rekruttering til kyrkjeleg teneste» og «Klima og kyrkja sitt forvaltaransvar». Alle deltakarane deltok òg på ei klimapilegrimsvandring i den lokale naturen, leda av ungdomsrådet. Elles var det fokus på moderne slaveri og historisiteten i Jesu oppstode.

Det har i fleire år vore vanskeleg å rekruttera til Ungdomstinget. Me arbeider med å skapa eigarskap til ungdomstinget i kyrkjelydane og gjera ungdomsdemokratiet synleg. Ungdomstinget arbeider også med forma på Ungdomstinget. I år prøvde dei ny struktur på komité og plenumsarbeid. I tillegg blei det lagt inn inspirerande programpostar i løpet av helga. Me vil bygga vidare på desse erfaringa i planlegginga av Ungdomstinget i 2020. Me ser etter ei form på arrangementet som kan treffa målgruppa godt og vera ein ressurs for ungdomsarbeidet i kyrkjelydane.

Ungdomsrådet hadde fem møte og behandla 23 saker i 2019. Me har hatt eit engasjert og aktivt ungdomsråd. Dette har ført til deltaking på fleire arrangement og involvering i ulike verv. Ungdomsrådet har hatt medlemmar i både Kyrkjerådet sitt Utval for ungdomsspørsmål (UFUNG), delteke på Ungdommens Kyrkjemøte og fått ein representant valt som delegat frå UKM til Kyrkjemøtet. Ungdomsrådet arrangerte også ein debattkveld for ungdomsdelegatar i samband med valet av nytt bispedømmeråd.

Fleire unge engasjerte seg i kyrkjevalet hausten 2019, noko som resulterte i fleire unge medlemmar i både sokneråd og bispedømmeråd.



Nyvalt ungdomsråd på Ungdomstinget 2019 på Stemmestaden.

5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid

5.1. Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka

Nøkkelindikator: Talet på vigslingar

Resultat

Her er oversikt over vigslingar dei siste åra:

	2016	2017	2018	2019
Vigsling av prestar	0	7	1	2
Vigsling av kantor, diakon og kateket	0	0	1	5

Fem vigslingar av kantor, diakon eller kateket er eit godt resultat, samanlikna med dei siste åra. Me ønsker oss fleire vigslingar av nye prestar.

Bemanningssituasjonen i presteskapet

Det er 98 prestar i Stavanger bispedømme. Talet på medlemmar pr. prest er det høgste i landet. Prestane i Stavanger har òg flest dåp, konfirmasjonar og vigslar, mens dei ligg rett over gjennomsnittet i talet på gravferder. Gudstenester og gravferder blir i større grad enn i dei fleste andre bispedømme gjennomført av prestar.

Statistikken stadfestar at prestane i Stavanger bispedømme har stor arbeidskapasitet. Me høyrer frå prostar og prestar at intensiteten i arbeidet er ei jamn utfordring i kvardagen. Prestane klarer utføra dei grunnleggjande presteoppgåvene i soknet, men me ser at dei òg må seia nei til oppgåver det er ønske om at dei går inn i.

Bispedømmet får 3,81 årsverk utført av pensjonistar, dette er nest lågast i landet.

I bispedømmet er 74 % av prestane sokneprestar. Dette er eit av dei høgaste tala i landet og heng nok saman med at det er få prestar per medlem.

Det var 17 utlyste stillingar i 2019 og alle utlysingane enda i tilsetting. Me opplevde at ingen søkte på ei stilling ved første gongs utlysing, men me fekk søkarar ved andre gongs utlysing, og har ingen stillingar som står vakante. Talet på søkarar per stilling har gått noko tilbake, men dette heng nok saman med at talet på utlysingar har gått opp med 70 %.

16 % av prestane er under 40 år og 30 % er over 60 år. Samanlikna med tidlegare år ser me at presteskapet samla sett har blitt litt yngre, og bispedømmet har ikkje lenger det eldste presteskapet i landet.

Rekruttering av kantorar

Ein kyrkjemusikar blei vigsla til kantor i 2019. Me er i dialog med to andre kyrkjemusikarar som ønsker å bli vigsla, men som treng vidareutdanning for å kvalifisera seg. Så lenge det ikkje finst tilbod om kyrkjemusikkutdanning i nærleiken, er dette utfordrande i praksis.

I 2019 hadde me eit spennande møte med Universitetet i Stavanger (UiS), kor me utfordra dei til å starta opp utdanning i kyrkjemusikk igjen. Me treng å utdanna fleire kyrkjemusikarar i landet, og med utdanning i Stavanger vil det òg vera enklare for dei som nå er i stilling her å ta vidareutdanning. Me har òg tatt initiativ til møter mellom dei ulike miljøa som kan bidra til å få på plass ei utdanning. Her har Kyrkjerådet òg vore ein viktig bidragsytar.

UiS ser at dei har eit samfunnsoppdrag for å tilby utdanning til stillingar det er bruk for. Kyrkja si rolle blir å bidra til god rekruttering til studiet. Det finst eit godt grunnlag i dei orgelelevane som nå er i bispedømmet. Ein annan faktor er landsleiren for unge orgelspirer, som er ein viktig del av Norsk Orgelfestival, som blir arrangert årleg.

For å sikre gode og nok søkarar til kantorstillingar i framtida må me være tydelege på utfordringa. Det gjer me i møte med kyrkjemusikarar og kyrkjevevjer. Kyrkjemusikarane har teke ansvar gjennom å ha orgelevar.

Rekruttering av diakonar

Det er fortsatt stor stabilitet i diakongruppa, med tilstrekkeleg tal på søkarar når stillingar blir ledige. Biskopen har i år vigsla to diakonar til teneste i kyrkja. Me utfordrar diakoniarbeidarar til å ta utdanning som diakon, og er òg i dialog med VID om tilbod om diakonutdanning i Stavanger.

Rekruttering av kateketar

Det har blitt utdanna få kateketar dei siste åra. Fleire fellesråd i bispedømmet har hatt problem med å få kvalifiserte søkarar til kateketstillingane sine.

Det er fleire grunner til at så få utdannar seg til kateket. Yrket er relativt ukjent, og det gjer at få søker til utdanninga. Det har òg vore komplisert å fullføre utdanninga for dei som saknar ulike komponentar. Det er positivt at Kyrkjerådet, KA og MF nå har teke tak i dette, både med tilskot og betre tilpassa kateketutdanning.

Bispedømmerådet held fast på at viss ein tilset folk i kateketstillingar (med refusjon frå bispedømmerådet) utan godkjend kateketutdanning, blir tilskotet mindre. Dei som blir tilsette må forplikta seg til å ta den utdanninga som trengst for å bli vigsla til kateketteneste.

Me ser at dei som blir vigsla til kateketteneste blir ståande mykje lengre i stillinga enn dei som ikkje er vigsla. Det syner kor viktig det er å rekruttere til kateketstillingar. Det skapar kontinuitet i arbeidet, og sikrar utvikling og samanheng i arbeidet.

Sidan det ikkje finst så mange kateketar, er det fint å bruka vigslingar til å gjera yrket kjent i lokale og sosiale medium. Me treng òg at kateketar gjer yrket sitt kjent gjennom eiga teneste.

I 2019 blei to personar vigsla til kateketteneste i Stavanger bispedømme.

Rekruttering av prestar

Ei kvinne og ein mann blei ordinert til presteneste i 2019.

Det er framleis få teologistudentar på VID Misjonshøgskulen. Det er ei utfordring for rekrutteringa til presteneste i bispedømmet, saman med den felles mangelen nasjonalt på nok studentar til å erstatta prestar som sluttar.

Me merkar eit aukande medvit om rekruttering mellom prostar og prestar. I Haugesund er dette ein integrert del av LIV-kurs, og fellesrådet har sett i gang konkrete rekrutteringsprosjekt. Samtidig har me sett forskning og høyrer rapportar om at medvitet mange stader ikkje er så sterkt. Terese Bue Kessel har gjennomført intervju som konkluderer med at prestar i for liten grad har kontakt med unge og ser rekruttering som sitt ansvar.⁶

Forskinga viser at personleg kontakt er viktig for rekruttering. Det slår ut i kva studentar seier er grunnen til at dei har valt kyrkjeleg utdanning. Forskinga viser òg at kyrkja sitt omdømme ikkje verkar rekrutterande. Kyrkja blir plassert i fritidssektoren og stillingane blir ikkje rekna som anerkjente og utfordrande jobbar. Her er det eit manglande samsvar mellom oppfatningar og realitetar det bør vera mogleg å kommunisera betre rundt.⁷

Artiklane peikar særleg på at det er viktig å gje kyrkjeleg aktiv ungdom ansvar og erfaring som kan motivera til kyrkjeleg utdanning.

To av prostia rapporterer at dei har ungdomsmiljø der ungdom over lengre tid har blitt rekrutterte til kyrkjeleg utdanning. Prostane peikar på samanhengen mellom godt ungdomsarbeid og god rekruttering. Rekrutteringsutfordringa er framleis ei utfordring til kyrkjeleg nærvær blant ungdom og til å sørga for at representantar for dei ulike profesjonane er til stades i ungdomsarbeidet.

Vegen vidare

I 2020 vil bemanninga i bispedømmet bli styrka, etter innføringa av nye fordelingsnøklar for prestenesta. Bispedømmerådet vil i stor grad fylgja den vedtekte fordelingsnøkkelen i kor desse stillingane blir plasserte, men retta så mykje som mogleg av dei inn mot ungdom.

Me vil halda fram med Forum for teologistudentar, i samarbeid med VID Misjonshøgskulen. Her samlar me mellom 20-45 studentar og nokre tilsette. Dette gjev kontakt med kyrkja og prestenesta undervegs i studiet. Det gjev oss òg kjennskap til studentane, slik at me kan fylgja dei opp og etablere relasjonar. Undervisning om VTVT har blitt ein del av studieplanen for teologistudentane, slik at me sikrar at dei kjem tidleg med på samlingar.

Me har utfordra prostane til å rekruttera minst ein person til teologistudie frå kvart prosti, men har ennå ikkje høyrte om konkrete resultat frå dette. Me høyrer at temaet kjem opp på prostisamlingar i større grad enn før. Leiar i presteforeininga besøker alle prosti for å snakka om rekruttering.

I 2020 deltek bispedømmet på utdanningsmesser i Haugesund og Stavanger. I samband med dette har me skaffa oss utstyr som me kan bruka vidare.

⁶ Tidsskrift for praktisk teologi 1-2019 har fleire gode artiklar om rekruttering.

⁷ Sjå særleg Saxegaard, Jordheim og Sandsmark sine artiklar i det ovannemnde tidsskriftet.

Opplegget “Kven gjer kva i kyrkja?”, som er eit utviklingsprosjekt støtta av Kyrkjerådet, blir lansert i 2020. Det rettar seg mot konfirmantar med informasjon om dei ulike vigsla stillingane som finst i kyrkja. Det blir utarbeidd ein film og eit fleksibelt undervisningsopplegg til bruk i undervisninga.



Nokre vigslingar frå 2019: Diakon i Sola, diakon i Egersund og kantor i Hundvåg.

5.2. Fleire blir engasjert i frivillig teneste i kyrkja

Nøkkelindikator: Tal på frivillige

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Frivillige 2016-2018										
År	Medl + tilhøyrande	Totalt	Gudst.	Barn	Unge	Diak.	Kult.	Utv.	Anna	% av medl.
2019	333 178	13646	5187	3565	2319	2343	1623	2513	2330	4,1 %
2018	335 566	14037	5250	3674	2429	2236	1451	2425	2586	4,2 %
2017	336 924	13928	5703	3600	2340	2217	1665	2481	2587	4,1 %
2016	339 K	14166	5712	3709	2291	2530	1352	2532	2665	4,2 %

Det er registrert færre frivillige totalt i 2019 enn dei siste åra. Det er blitt færre frivillige i gudstenestearbeidet og i arbeid for barn og unge, mens det er blitt fleire innanfor diakoni, kultur og utvalsarbeid. Kanskje reflekterer dette at diakoni og kultur trekk til seg fleire nye frivillige enn gudsteneste og barne- og ungdomsarbeid?

Framleis er det likevel gudstenestearbeidet og barne- og ungdomsarbeidet som har flest frivillige. Eit par kyrkjelydar involverer så mange frivillige i gudstenesta at dei ønsker forordning som gjev dei frisundagar, lengre ferieperiodar eller færre høgtidsgudstenester, sidan dei ser det vanskeleg å gje folk dei gudstenestene dei er vane med kvar sundag og i ferietid.

Kva ligg bak resultatet?

Me kan meina mykje om situasjonen for det frivillige arbeidet i kyrkja, men det finst òg forskning som kan hjelpa oss vidare. Stephen Sirris publiserte i 2015 ein artikkel om leing av

frivillige i kyrkja.⁸ Artikkelen viser òg til anna forskning på området. Her er det mykje me kjenner igjen frå kyrkjelydane.

Sirris peiker på at frivillige i dag ønsker seg oppgåver som gjer at dei blir sett og verdsette, finn meining og blir motiverte. Dei er meir opptekne av eigennytte og mindre lojale mot organisasjonar i utgangspunktet. Generelt i samfunnet gjev dette tilbakegang for ideologiske folkerørsler og lausare deltaking i organisasjonslivet. Dette er ein tendens som aukar, utan at det betyr at den tradisjonelle, lojale frivillige tenesta er borte.⁹

Sirris viser til forskning som seier at oppfølginga av frivillige i kyrkjelydane ikkje alltid er systematisk. Kyrkjelydane er ofte meir opptekne av rekruttering enn oppfølging av frivillige. Det er stor vilje til å satsa på frivillig teneste, men ikkje like lett å prioritera å leggja til rette så mykje som dei frivillige ønsker det. At fleire tilsette har ansvar for oppfølging av frivillige kan vera ein ressurs, men det kan òg gjera at dette ansvaret fell mellom stolar.

Det kan oppstå uklare grensesnitt mellom koordinatorar av frivillig teneste, daglege leiarar og fagstillingane sitt ansvar for frivillige. Det gjer at Sirris meiner det ofte vil vera det beste å styrka dei stillingane som står nær det faktiske arbeidet sitt ansvar for dei frivillige, i staden for å gje dette ansvaret til ein meir administrativ funksjon, som ikkje vil ha dei same relasjonelle ressursane for å rekruttera eller følge opp.¹⁰

Dei tilsette er nøkkelpersonar for tilrettelegging for frivillig teneste. Sirris legg vekt på at dette bakteppet utfordrar til god organisering, leiing og fokus på relasjonar. Det blir viktig å motivera, kartlegga kva den einskilde frivillige kan og ønsker, organisera seg hensiktsmessig og bygga ein strategi der frivillig innsats og kyrkjelyden sine mål finn saman. Prosten i Jæren, der frivillig teneste står sterkt, understreker at å arbeide med frivillige er ei relasjonell verksemd, som både handlar om å oppmuntra og gje rom til å ta pause. Prosten i Tungenes merkar seg òg auka forventningar om profesjonalitet blant dei frivillige.

Diakonane har arbeidd med modellar der frivillige får eit klarare leiaransvar for ulike område av verksemda i kyrkjelyden. På Ålgård har dei utvikla ein slik struktur. Særleg i store og aktive kyrkjelydar kan arbeidet vera så omfattande at tenestegrupper med frivillige leiarar kan vera ein god arbeidsform. Jørpeland kyrkjelyd arbeider konkret med ein slik modell og ser at det gjev fellesskap, klar ansvarsfordeling og god rekruttering. Slik organisering må gjerast ryddig i forhold til tenesteordningar, sokneråd og tilsette.

Auka i talet på frivillige innanfor kultur er på litt over 10 prosent. Dette heng truleg saman med ei auke i tale på konsertar og kulturarrangement i regi av kyrkjelyden. Me har dei siste åra utfordra sokna til å opprette eigne utval for kulturarbeidet, og utarbeida eit enkelt verktøy for korelis ein kan finne personar til dette. Me har òg laga eit forslag til mandat for kulturutval.

⁸ Artikkelen heter «Hvordan lede frivillige i kirken» og finst i *Scandinavian Journal for Leadership and Theology*, nr. 2 2015.

⁹ Ibid., s. 3-4.

¹⁰ Sirris, s. 15

Det er ofte mange foreldre som er frivillige i trusopplæringa. Dei gjer ofte ein god jobb med praktiske oppgåver, men er tilbakehaldne når det gjeld å bidra i undervisninga. Dei deltek ofte når eigne barn er med og er dermed frivillige i kortare periodar. Forsking viser at jo fleire som er involverte i tiltaka i trusopplæringa, dess betre resultat får ein.

Vegen vidare

På samlinga for rådsleiarar i starten på 2020 er eit av temaa rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidarar. Her legg me vekt på god organisering og leiing, involvering av barn, det relasjonelle perspektivet og motivasjon.

Frivillig engasjement er òg eit fast tema i oppfølgingsamtalar i trusopplæringa. Me ser òg på korleis dette fungerer på visitasar.

I tillegg vil me gjera forskning om frivillig teneste i kyrkja meir kjent blant leiarar.

Med satsinga på opne kyrkjer blir det behov for frivillige som kan bidra til at kyrkjene kan bli meir tilgjengelege. Fleire av prostane nemnar dette som sentralt for å få dette til i større grad. Dette krev òg at ein arbeider med å rekruttere nye frivillige, så det ikkje berre blir å flytte dei ein har over i andre oppgåver.

5.3. Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben

Nøkkellindikatorar: Medarbeidarundersøkingar
Sjukefråvær

Omtale av desse indikatorane er plassert i del IV-A.

5.4. Tilbudet til unge i kyrkjelydane blir styrka

Indikator: Talet på ungdomstiltak og deltakarar

Resultat, utvikling og vurdering av resultatet

Det er i snitt 1,4 tilbud til ungdom mellom 13 og 17 år pr. sokn. Frå 2018 til 2019 er det registrert 13 færre kontinuerlege tilbud. Dette er ein nedgang på ni prosent. Talet på deltakarar er stabilt.

Ungdomsarbeid 2018 – 2019, 13-17 år				
	Tilbud		Deltakarar	
	2018	2019	2018	2019
Kontinuerlege tilbud	138	125	2392	2361
Einskildtilbud	46	45	1221	1166
Leiarkurs	71	67	599	597

I rapporteringsverktøyet for trusopplæring ser me at det òg har blitt færre breiddetiltak etter konfirmasjon frå 2018 til 2019, sjølv om variasjonen mellom 20 og 16 prosent er normal for dei siste fem åra.

Det har òg blitt færre tilbud og svakare deltaking blant unge vaksne. Her er nedgangen markant, frå 52 til 40 tilbud.

Kva ligg bak resultatet?

Fleire stader ser me at å tilsetta ungdomsarbeidar, ungdomsleiar eller ungdomsdiakon er ein nøkkel til å lukkast. Der dette finst ser me at det veks fram kyrkjelege ungdomsmiljø.

Av ungdomstilbudet som gjev gode resultat i kyrkjelydar er det ein kan kalla relasjonsbasert arbeid. Denne typen arbeid krev ofte mykje organisering og frivillig innsats, men møter tydelege behov i ungdomsgruppa. Me opplever at ungdom treng trygge fellesskap, fokus på den gode samtalen og avgrensa aktivitetskrav.

Me ser òg at fleire kyrkjelydar finn nytte i å samarbeida med organisasjonar som t.d. den lokale «Follow Me»-organisasjonen, som tilbyr konsept, fellesarrangement, grupper og leiartrening på tvers av kyrkjelydar.

Nokre kyrkjelydar, for eksempel Ålgård, har lukkast godt med tilbud til «tweens», 10-12 åringar. Dette kan òg vera ein måte å bygga ungdomsarbeid på. Rossabø kyrkjelyd har gode erfaringar med å tenka systematisk på kontinuitet i tilbudet til ulike aldersgrupper.

I Stavanger satsar kyrkjelydane saman på U-kirke, ungdomsarbeid midt i sentrum i Nygatens forsamlingshus. Arbeidet er nybrottsarbeid, men verkar lovande. I Koparvik har dei starta forandringshus. På Karmøy finst det fleire ten-sing kor, men for tida har dei noko svakare oppslutning enn tidlegare. I Ryfylke er det etablert nokre nye tilbud: Kor og KRIK.

Som tidlegare år er tala usikre. Me ser opplysningar på soknenivå som me ser ikkje samsvarer med det me veit om den lokale situasjonen. Fleire kyrkjelydar har nokre kontinuerlege tiltak som er breie nok til å bli rekna som trusopplæring og som derfor kan bli usynlege i materialet

Vegen vidare

Me vil bidra til å skapa gode nettverk for ungdomsarbeidarar. Det har vore eit tydeleg ønske frå ungdomsleiarar om å delta på slike tilbod.

Elles vil me drøfta om me skal flytta ressursar frå anna kyrkjeleg verksemd i retning ungdom. Bispedømmerådet har gjort vedtak om å retta nye presteressursar inn mot ungdom i størst mogleg grad.

Me vil òg vidareføra kontakten med organisasjonane på Kirkens Unge-plattform og gje tilbod om fagdagar og ladestasjonar for leiarar i ungdomsarbeid.



Biskop Anne Lise Ådnøy på visitas i Bogaffell og Green House: Miriam Vaaland og Kamilla Bøe Johnsen frå GreenHouse, biskop Anne Lise Ådnøy og ungdomsprest Eivind Kråvik.

6. Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon

6.1 Oppslutninga om kyrkjeval held seg oppe

Nøkkellindikator: Valdeltaking

Resultat og utvikling

Ved kyrkjevalet i 2019 deltok 10,8 prosent av veljarane i val av bispedømmeråd og medlemmar av Kyrkjemøtet. Dette var klart færre enn i 2015, då 14,7 prosent stemte.

11,5 prosent av veljarane deltok i val av sokneråd, ned frå 15,3 prosent i 2015. Òg i 2011 var oppslutninga høgare ved begge vala.

Vurdering av resultatet

Valdeltaking reflekterer informasjon om valet og engasjement for valet. Nytt i år var at kvar liste skulle promotera seg sjølv. Bispedømmet koordinerte informasjon til kyrkjelydsblad.

Ein kunne kanskje venta at fleire lister ville skapa auka engasjement eller deltaking blant veljarane. I Stavanger bispedømme var dette nytt ved dette valet. Det var ein viss debatt om kyrkja sin profil rundt valet, men dette førte ikkje til fleire har kjent at noko står på spel og ville engasjera seg.

Me har òg merka oss at bispedømmerådet har omtrent same samansetning av leke medlemmar med ulik kyrkjepolitisk profil som då det var ei felles liste, noko som tyder på at same veljargrupper engasjerer seg på same måte uavhengig av valordninga.

Vegen vidare

Me sit framleis med ei kjensle av at me ikkje heilt har funne forma på kyrkjeval. Me vil følgja og delta i samtalane om den vidare utviklinga av kyrkjedemokratiet. Det er langt fleire som tek del i dette enn før demokratireforma, men dei fleste av medlemmane ser ut til å vera meir opptekne av tilgang på kyrkja sine tenester enn kyrkjepolitikk og kven som sit i leiande organ.

På kurs for nye sokneråd møtte me mange dyktige og engasjerte nye medlemmar av sokneråd, i ulike aldersgrupper. Prostane seier det har vore utfordrande å rekruttera folk til sokneråd, men resultatet verkar bra.



Kandidatar til valet av Stavanger bispedømmeråd samla på informasjonsmøte.

6.2. Reduksjon i administrative kostnader

Bispedømmerådet vurderer administrative kostnader i samband med budsjettarbeid og gjennom det daglege arbeidet.

I 2019 vedtok bispedømmerådet å auka ressursen til kommunikasjonsrådgjevarstillinga frå 50 til 100 prosent. Ein har sett at en ikkje har brukt opp administrasjonsdelen av budsjettet og fann det fornuftig å bruka ledige middel til å styrka eit viktig satsingsområde, ikkje minst for å kunne styrka kommunikasjonsarbeidet i dei lokale kyrkjelydane. Stillinga er i stor grad utoverretta.

I tråd med Kyrkjerådet sin endra reisepolitikk, vil òg me ha fleire videomøte enn tidlegare, noko som òg sparer kostnader.

C: Biskopen si verksemd

Anne Lise Ådnøy blei utnemnt til biskop i Stavanger bispedømme 24. januar 2019. Ho blei vigsla 17. mars i Domkyrkja i Stavanger, med kong Harald, politiske leiarar og mange ulike representantar for kyrkja til stades. Domkyrkja var ikkje stor nok til å romma alle som ville få med seg den flotte gudstenesta.

Ikkje lenge etter vigslinga vakte det stor merksemd då prinsesse Märtha Louise og sjaman Durek fekk leiga St. Petri kyrkje til eit arrangement. Denne saka engasjerte på fleire nivå. For biskopen var det viktig å signalisera at alle er velkomne i kyrkja og at kyrkja er open for religionsdialog, samtidig som det finst rammer for kva kyrkja kan brukast til. Arrangementet blei til slutt flytta til eit anna lokale. Saka var komplisert og vakte mange kjensler.

Etter dette har det vore meir normale tilhøve rundt bispetenesta. I det første året har biskopen prioritert å bli kjend med prestar og kyrkjelydar. Det har vore studieturar for prestane og for staben på bispedømmekontoret. Prestane har vore i Tyrkia og fordjupa seg i breva til kyrkjelydane i Openberringsboka, mens kontoret gjekk i Paulus sine fotspor i Hellas. Turane har gjeve fagleg påfyll og styrka fellesskapet.

Biskopen var òg med på alle kurs for nye sokneråd. Her hadde ho eit foredrag bygt på bispedømmet sin strategi, om å vera ei kyrkje som trur, opnar, bryr seg, deler og inviterer. Der det var praktisk mogleg møtte ho òg dei tilsette i prostiet på føremiddagen før desse kursa. Gjennom dette har biskopen blitt godt kjent i bispedømmet. Me har fått tilbakemelding på at møta har skapt tilslutning, vakt tillit og virka samlande.

Biskopen har fleire arenaar for å utøva leiarskap, både forkynning, foredrag og uttale i media, bispedømmerådet, prostemøte, partssamansette utval, arrangement i regi av bispedømmet, utøving av arbeidsgjevaransvar og tilsyn. Biskopen er med i prosessar på nasjonalt og regionalt nivå i kyrkja og utfører visitasar.

Biskopen har gjennomført tre visitasar i 2019, godt fordelt i bispedømmet. Bispeskifta dei siste åra har ført til at visitasavviklinga fortsatt ligg noko etter skjema. Me møtte sterke og velfungerande kyrkjelydar i 2019, i Skåre, Bogafjell og Hafrsfjord. Visitasane gjev god samfunnskontakt for kyrkja, i forhold til både kommuneleing, skular og ulike organisasjonar og verksemdar i lokalmiljøet. Det har vore god deltaking på visitasarrangement.

Me legg merke til at det stort sett er ryddig og godt samarbeid mellom kyrkje og skule i kommunane. Der samarbeidet er vanskeleg handlar det stort sett om viktige einskildpersonar som synest kyrkje-skulesamarbeid eller skulegudstenester er prinsipielt problematisk. Det har me sett få eksempel på i det siste.

På visitasane i 2019 har me sett at å prioritera kyrkjelydsarbeid for barn og unge gjev gode resultat. Det gjeld både gudstenestearbeid, trusopplæring og kontinuerlege tilbod. Me har sett tilsette som lukkast med teamarbeid og sokneråd som spelar godt saman med dei tilsette. Me har òg møtt kyrkjelydar som er svært medvitne om å engasjera seg i lokalsamfunnet og representantar for kommunen som ser og set pris på dette.

Prostemøta spelar ei viktig rolle i styringa av bispedømmet. Me ser systematisk på kva satsingar frå årsplanen som treng fokus her. Møta gjev viktig informasjon, rom for drøftingar

av aktuelle saker, fagleg oppdatering og inspirasjon og tilbakemeldingar til biskopen om kva som skjer i kyrkjelydane. Biskop og bispedømmeråd er tydelege på at kommunikasjonen med prestane skal gå gjennom prosten. Medvit om dette styrker prosterolla, gjev effektiv administrasjon og held leiinga av bispedømmet samla.

Biskop, bispedømmeråd og styret i kyrkjevevjelaget har jamlege kontaktmøte. Prostar, leiinga i bispedømmet og kyrkjevevjene har òg hatt ei årleg samling, «Saman om å leia», som har bidrege til å skapa gode relasjonar, gjensidig rolleforståing og opne kommunikasjonskanalar. Det grunnleggjande samarbeidsklimaet er godt.

Framover blir innføringa av justert ordning for hovudgudstenesta ei viktig sak i bispedømmet og for biskopen.

Biskopen vil òg arbeida meir med kva saker ho ønsker å fremma i media. Oppslutninga om Facebook-sida viser at biskopen når breitt ut og at det er stor interesse for biskopen som kyrkjeleg leiar. Biskopen har ein viktig funksjon som talsperson for kyrkja og blir oppfatta som kyrkjeleg leiar både symbolsk og reelt.

Elles vil fokus vera på å leia prestetenesta, støtta kyrkjelydane og representera kyrkja på ulike arenaar.



På visitas i Skåre sokn: sokneprest Arnt Johan Vistnes, diakon Lisbeth Skilhagen Haaheim, biskop Anne Lise Ådnøy, kateket Reidun Flaten Qvale og prost Rune Steensnæs Engedal.

IV. Styring og kontroll i verksemda

A: Helse, miljø og tryggleik/Arbeidsmiljø

Sjukefråvær

Resultat og utvikling

Det totale sjukefråværet i Stavanger bispedømme er på 4 %, og om lag uendra frå året før. For kvinner var fråværet på 7,5 % (2,89 % i 2018) og for menn var det på 2,7 % (4,3 % i 2018). Langtidsfråværet (over 8 veker) var totalt på 1,5 %, fordelt på 4,2 % for kvinner (0,58 % i 2018) og 0,6 % for menn (2,38 % i 2018).

For presteskapet var det totale sjukefråværet på 4,13 % (4,40 % i 2018). For kvinner var talet 9,27 % (3,71 % i 2018) og for menn 2,77 % (4,59 % i 2018).

Vurdering av resultatet og vegen vidare

Sjølv om sjukefråværet totalt sett er om lag uendra frå året før, er det store endringar i fordelinga mellom kvinner og menn. Sidan gruppa med kvinner i presteskapet er forholdsviss lita (26,26 %) gjev einskildsjukemeldingar prosentvis stort utslag.

Arbeidsgjevar har tilstrekkeleg kunnskap om årsakene til sjukemeldingar til å sjå at det ikkje er behov for å setja inn særskilde tiltak retta inn mot kvinner. Me merkar oss positivt at sjukefråværet blant menn både samla sett og i presteskapet har gått betydeleg tilbake. Stavanger biskop arbeider med generelle tiltak for heile gruppa av tilsette.

Ingen av dei sjukemelde har i 2019 opplyst i sjukemeldinga at sjukefråværet har årsak i forhold på arbeidsplassen.

Stavanger biskop arbeider aktivt for å skapa eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette, fylgjer opp med nødvendige tiltak for å forhindre sjukdom og har fokus på oppfølging av sjukemelde arbeidstakarar.

Medarbeidarundersøkinga

I Stavanger bispedømme var svarprosenten på 94 %, noko me er nøgde med. Resultata frå medarbeidarundersøkinga blir i fyrste kvartal 2020 behandla i lokale kontaktmøte i prostia og på bispedømmekontoret. Ved utgangen av mars 2020 skal etter planen alle prostane ha meldt inn til Stavanger biskop kva tiltak for oppfølging kvart prosti ønsker. I lys av desse innspela vil funna i medarbeidarundersøkinga bli analyserte og vurderte. Tiltak til oppfølging skal etter dette behandlast av RAMU.

Rutinar for intern varsling om kritikkverdige forhold

Rutinane for intern varsling om kritikkverdige forhold som gjeld for rettssubjektet Den norske kyrkja er gjort tilgjengelege og kjende for dei tilsette i verksemda. Stavanger biskop og Stavanger biskop behandlar varslingar i samsvar med rutinane.

B: Likestilling

Bispedømmerådet har ein likestillingsplan som bygger på statlege og kyrkjelege styringsdokument. Han set opp ei rekke konkrete tiltak, og inneheld eit mål om å auka talet på kvinner i presteteneste. Mellom anna oppmodar ein kvinner om å søka stillingar i utlysingsteksten i alle prosti der det er færre enn 40 % kvinner.

Talet på tilsette og sjukemeldingar såg slik ut i 2019:

Likestilling 2019					
	Kjønnsbalanse			Legemeldt frávær ¹¹	
	Menn	Kvinner	K %	Menn	Kvinner
Presteskapet					
Biskop og prostar	8	2	20 %	2,7 %	7,5 %
Prestar	73	26	26,26 %		
Administrasjonen					
Leiarar	2	1	33,33 %		
Tilsette	4	6,24	60,94 %		

Kvinnedelen i presteskapet har gått jamt opp dei siste åra. Ved utgangen av 2019 har me ikkje lenger den lågaste delen i landet. Med to av ti kvinner i gruppa biskop og prostar og ei av tre i leiinga på bispedømmekontoret, blir kvinnedelen blant leiarar for låg. Situasjonen har vore nokså lik i presteskapet og i leiarstillingane. Nå har me klart å auka delen kvinner i presteskapet, utan at me har fått til det same på leiarnivå.

I 2018 såg me ein sterk auke i talet på kvinnelege søkarar. For fyrste gong var det fleire kvinner enn menn som søkte på prestestillingar. I 2019 har dette talet gått noko tilbake og 28,75 % av søkarane i 2019 var kvinner, mot 53,70 % året før. I tal er det litt færre kvinner som søkte i 2019 enn året før, men utslaget i prosent kjem av at det er veldig mange fleire menn som totalt sett søkte i 2019 samanlikna med året før.

Sidan prosenten kvinnelege søkarar har søkke, har òg delen av kvinner som har blitt tilsett gått tilbake. I rekordåret 2018 var 60 % av dei bispedømmerådet tilsette kvinner, mens i 2019 var talet 41,18 %. Sjølv om denne prosenten har gått tilbake frå 2018 er han likevel høgare enn tidlegare år, og slik sett er tendensen framleis positiv.

I 2019 blei det for tredje år på rad arrangert nettverkssamling for kvinnelege prestar, teologar og teologistudentar. Temaet for samlinga var leiarskap. Deltakarane gav òg denne gongen

¹¹ Her samlar me både kontor og presteskap, fordi nokre av gruppene er så små at dei når terskelen for kva som vil bli personleg informasjon.

svært positive svar i evalueringa av arrangementet, og melder at dei opplever det som eit viktig møtepunkt.

Me ser at hovudutfordringa vår er å auka kvinnedelen i presteskapet og talet på kvinner i leiarstillingar. Dette skjer stort sett gjennom rekrutteringsprosessane. Her er det tilfanget av søkarar som er avgjerande, og me håpar å auka talet på kvinnelege søkarar.



I oktober var rundt 40 kvinnelege prestar og teologistudentar samla til nettverksmøte.

C. Vurdering av risikoen for misleghald

Det kan vera risiko for misleghald på fleire område av økonomiforvaltninga i bispedømmet. Det er ikkje mogleg å laga rutinar, retningslinjer og kontrollar som heilt tek bort misleghaldsrisikoen. Me meiner at med dei tiltaka me har skissert under, er risikoen for misleghald moderat og redusert til eit akseptabelt nivå.

Stavanger bispedømmeråd har eit eige dokument som meir utfyllande vurderer risiko for misleghald. Me vurderer ingen av desse som alvorlege eller svært alvorlege.

Risikobiletet

Dei største risikoane	Følgje	Alvorsgrad	Sannsynlegheit	Tiltak
Tjuveri <ul style="list-style-type: none"> - Datautstyr - Gåver på lageret - Kontorrekvisita - Minnepinnar - Privat kopiering - Privat frankering 	Svinn, meirkostnader, ikkje effektiv ressursbruk	Moderat	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Rutinar for varsling
				Opplæring og bevisstgjøring
				Sikring og registrering av verdifulle/attractive gåver og utstyr
				Oppfølging av utgifter mot budsjett og historiske tal
Krevja refusjon for same teneste to gongar <ul style="list-style-type: none"> - Beredskap - Vikarrekning - ABV 	Meirkostnader, ikkje effektiv ressursbruk	Moderat	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Opplæring og bevisstgjøring
				Alle rekningar skal godkjennast av to personar
Misbruk av arbeidstid <ul style="list-style-type: none"> - Private aktiviteter i arbeidstida - Pausar - Feriedagar blir rapportert som jobbreise / seminar/ heimekontor 	Ikkje effektiv ressursbruk	Moderat	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Opplæring og bevisstgjøring
				Rutinar for varsling
Feilaktige /fiktive reiserekningar <ul style="list-style-type: none"> - Kilometergodtgjering. - Diett - Manglande trekk for måltider - Reise ikkje gjennomført - Ikkje jobbrelatert reise 	Meirkostnader, ikkje effektiv ressursbruk	Alvorleg	Moderat	Haldningsskapande arbeid
				Etiske retningslinjer
				Opplæring og bevisstgjøring
				Alle rekningar skal godkjennast av to personer
				Rutinar for varsling
				Oppfølging av utgifter mot budsjett og historiske tall

V. Vurdering av framtidsutsikter

Kva skjer viss dei trendane me ser i årsrapporten for 2019 held fram mot 2030?

Verda er for komplisert til at me kan vera sikre på at utviklinga alltid følgjer ei rett linje. Det er likevel det beste kompasset me har å sjå på korleis utviklinga har vore, kor me er og kva me som står tett på framtida for kyrkja ser.

Til trass for kyrkjelege debattar, valkort og elektronisk utmelding vil medlemstalet sannsynlegvis vera relativt stabilt fram mot 2030. At om lag ein av fire i låg grad identifiserer seg med kyrkja i tru eller praksis har til nå ikkje ført til bølger av utmeldingar. Kyrkja i bispedømmet vil derfor framleis vera ei folkekyrkje i oppslutning så langt fram me kan sjå. Delen av befolkninga som er medlemmar vil framleis gå ned, så me vil òg halda fram med å vera ein del av eit pluralistisk samfunn.

Ut frå årets resultat på kyrkjeleg handlingar åleine, vil me òg kunne forventa stabilitet. Her er likevel meir i spel. Medlemsundersøkinga og utviklinga i byane viser at stabilitet er langt frå sjølv sagt. Pr. i dag er det fleire som døyper og vel kyrkjeleg gravferd enn dei som står trygt planta i tradisjonen. På begge områda finst det risiko for svakare oppslutning. Me vil trenga meir fokus på tilrettelegging for gravferd. Satsing på dåp er eit kontinuerleg prosjekt.

